

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 25.10.2011 kl 11:45 – 15.45 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 077/11 - 95/11

Innkalling til møtet var sendt ut den: 20.10.2011.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Liv Oda Dale	Håkon Matre, ordførar	Vigdis Søvik
Lars Solheim	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Jan Otto Daae (vara)	Wenke Fredheim Ekren	
Bjørn Egil Nordland	Karstein Totland	
Laila Solhaug Reknes		
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Dina Merete K. Dyrhovden		

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, varaordførar	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
Frank Kvinge, vara	Janne Judith K. Sandnes (vara)	Per Einar Langhelle
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Siri Tangedal Kratzmeier	Erlend Kvamsdal	

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka
Rådgjevar Alf Strand

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordførar Håkon Matre
Utlevert i møtet:	Årsplan for barnehagane (skriv og melding)
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Innkallinga vart godkjent.

Ordførar gjorde framlegg om Laila S. Reknes og Karstein Totland til å skriva under møteprotokollen.

Dette vart samrøystes vedteke.

Ordførar Håkon Matre orienterte om saklista og at formannskapet og kraftfondsstyret hadde hatt møte i forkant av dette kommunestyret og at sak om kraftfondsbudsjettet vert tilført saklista og vil bli handsama før årsbudsjettet.

Sakslista vart godkjent.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
077/11	11/677	Godkjenning av møteprotokoll	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
078/11	10/403	Tilstandsrapport grunnskulen	6
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
079/11	08/404	Høyring - Syns og Audiopedagogisk teneste i Hordaland	9
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
080/11	11/64	Avtale om felles brannvern i Gulen og Masfjorden	14
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
081/11	11/83	Reguleringsplan for Stordalshammaren hyttefelt gnr 50/2 - eigengodkjenning	23
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
082/11	09/548	Reguleringsplan for Storekupa hyttefelt - eigengodkjenning	27
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
083/11	10/815	Elevbetaling idrettsskulen	32
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
084/11	10/816	Barnehagesatsar 2012	34
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
085/11	09/726	SFO satsar for 2012	37
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
086/11	09/710	Elevbetaling for kulturskulen i 2012	40
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
087/11	11/634	Rammetimetal 2012-13	43
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
088/11	11/666	Eigenbetaling pleie og omsorg for 2012	48
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
089/11	11/654	Gebysatsar renovasjon for Masfjorden kommune for 2012	53

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
090/11	11/655	Kommunale avgifter for 2012 - vatn, avlaup, slam og feiing + landbrukssaker	58
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
091/11	11/665	Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2012 for Masfjorden kommune	65
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
092/11	11/620	Reglement for folkevalde 2011 - 2015	68
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
093/11	09/716	Godtgjersle til ordførar 2011 - 2015	75
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
094/11	11/676	Skriv og meldingar	79
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
096/11	11/684	Kraftfondsbudsjettet for 2012	81
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
097/11	11/667	Årsbudsjett 2012 og økonomiplan 2012 - 2015	87
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
95/11	11/637	2.tertialrapport 2011, rekneskapsoversyn 1.1. - 31.08.2011	107

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	25.10.2011	077/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/677
-----------	---------------------

SAK 077/11 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 29.09.2011 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-077/11 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 29.09.2011 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.10.2011	063/11	Alf Strand
Kommunestyret	25.10.2011	078/11	Alf Strand

Arkiv: N-21	Arkivsaknr.: 10/403
-------------	---------------------

SAK 078/11 - TILSTANDSRAPPORT GRUNNSKULEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret har gjort seg kjent med tilstandsrapporten for grunnskulen i Masfjorden for skuleåret 2010-11 og tek rapporten til orientering.

Finansiering

Heimel

Opplæringslova § 13-10.

FS-063/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Formannskapet har gjort seg kjent med tilstandsrapporten for grunnskulen i Masfjorden for skuleåret 2010-11 og tek rapporten til orientering.

Det skjedde i Formannskapet den 18.10.2011:

Rådgyvar Alf Strand var tilstades under handsaming av denne saka og orienterte. Strand sa at det som er urovekkjande med denne rapporten er at mobbing har auka på alle skulane og då spesielt i 7. klasse.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål til rapporten.

Røysting:

Formannskapet tilrår samrøystes rådmannen sitt framlegg til kommunestyret.

KS-078/11 VEDTAK :

Kommunestyret har gjort seg kjent med tilstandsrapporten for grunnskulen i Masfjorden for skuleåret 2010-11 og tek rapporten til orientering.

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Rådgjevar Alf Strand var tilstades under handsaming av denne saka og orienterte. Strand sa at det som er urovekkjande med denne rapporten er at mobbing har auka på alle skulane og då spesielt i 7. klasse.

Saka vart drøfta og det kom innspel om at kommunen må få gjennomført brukarundersøking i tilknytning til tilstandsrapporten. Handlingsplan bør og liggja føre til neste gong kommunestyret skal handsama tilstandsrapport for skulane.

Andre punkt som kom fram i drøftinga: 0 – visjon på mobbing, fokus på lesing osv.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	U	01.07.2010	Skulane	Tilstandsrapport grunnskulen - melding om vedtak
5	U	07.07.2011	Rektorane	Tilstandsrapport grunnskulen - melding om vedtak
6	U	15.08.2011	Medlemene i arbeidsgruppa	Tilstandsrapport for grunnskulen - oppnemning av arbeidsgruppe
7	U	29.08.2011	Medlemene i arbeidsgruppa	Referat frå møte - arbeidsgruppa
9	U	16.09.2011	Skulane ved rektor	Tilstandsrapport for grunnskulen, kommunale mål - melding om vedtak

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det er fastsett i Opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Denne tilstandsrapporten skal omhandla læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret. (Opplæringslova § 13-10).

Masfjorden kommunestyre gjorde i møte 8. september 2011, sak 63/11 vedtak om at det vert innarbeidd lokale mål i neste tilstandsrapport.

Desse måla er ein del av den vedlagde rapporten.

FAKTA

Tala i tilstandsrapporten er henta frå dei offentleg tilgjengelege tala som finst i www.skoleporten.no og som byggjer på innrapporterte tal frå skulane, kommunane og fylkesmannen.

VURDERING

Rådmannen sine vurderingar kjem fram i tilknytning til kvart punkt i rapporten.

KONKLUSJON

Tilstandsrapporten vert teken til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.10.2011	068/11	Alf Strand
Kommunestyret	25.10.2011	079/11	Alf Strand

Arkiv: N-105	Arkivsaknr.: 08/404
--------------	---------------------

SAK 079/11 - HØYRING - SYNS OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE I HORDALAND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre vil framleis ha ei felles syns- og audiopedagogisk teneste for alle kommunane i Hordaland.

Masfjorden kommune går inn for alternativ 2, slik det ligg føre i saksutgreiinga.

Den årlege overføringa frå Masfjorden kommune vil auke frå kr 25500 til kr 30500.

Denne ekstra kostnaden vil bli vurdert i samband med budsjettet for 2013.

Finansiering

Auka kostnad må leggest inn i budsjettet for 2013.

Heimel

Opplæringslova §13-10

Folketrygdlova kap. 10

FS-068/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommunestyre vil framleis ha ei felles syns- og audiopedagogisk teneste for alle kommunane i Hordaland.

Masfjorden kommune går inn for alternativ 2, slik det ligg føre i saksutgreiinga.

Den årlege overføringa frå Masfjorden kommune vil auke frå kr 25500 til kr 30500.

Denne ekstra kostnaden vil bli vurdert i samband med budsjettet for 2013.

Det skjedde i Formannskapet den 18.10.2011:

Sakspapira til denne saka vart delt ut i møtet.

Rådgevar Alf Strand var tilstades under handsaming av denne saka og orienterte nærare om saka. Det er ca 10 personar i Masfjorden kommune som har nytta seg av denne tenesta i 2010. Totalt er det 24 som har nytta tenesta i vår kommune.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

KS-079/11 VEDTAK :

Masfjorden kommunestyre vil framleis ha ei felles syns- og audiopedagogisk teneste for alle kommunane i Hordaland.

Masfjorden kommune går inn for alternativ 2, slik det ligg føre i saksutgreiinga.

Den årlege overføringa frå Masfjorden kommune vil auke frå kr 25500 til kr 30500. Denne ekstra kostnaden vil bli vurdert i samband med budsjettet for 2013.

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Rådgevar Alf Strand var tilstades under handsaming av denne saka og orienterte. Dette er ei felles teneste som held til i Bergen. Tenesta er både for born og vaksne med svekka syn eller hørsel og der dei kan få hjelp til å fungera i samfunnet. Det kan vera briller, datamaskin osv. Det er ca 10 personar i Masfjorden kommune som har nytta seg av denne tenesta i 2010. Totalt er det 24 som har nytta tenesta i vår kommune.

Masfjorden kommune betalar til Bergen kommune som organiserer tenesta.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	20.05.2008	Bergen kommune	Refusjonskrav 2007 for Syns- og Audiopedagogisk teneste i Hordaland - grunnlag
2	I	21.05.2010	Bergen kommune - Syns- og Audiopedagogisk Senter	Refusjonskrav 2009 for Syns- og Audiopedagogisk Teneste i Hordaland
3	I	25.05.2011	Bergen kommune	Refusjonskrav 2011 for syns- og audiopedagogisk Teneste i Hordaland - grunnlag
4	I	30.08.2011	Bergen kommune - byrådsavdeling for barnehage og skole	Høyringsnotat vedr framtidig organisering av Syns og Audiopedagogisk Teneste i Hordaland
5	U	05.10.2011	Bergen kommune v/Brita Instebo	Prolingering av avtale med SAPT-H

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune har motteke eit høyringsnotat frå Bergen kommune, som vertskommune, om framtidig organisering av Syns- og Audiopedagogisk teneste i Hordaland (SAPT-H). Noverande avtale har gått frå 01.01.08 og gjeld til 31.12.2011. Etter drøftingar mellom SAPT-H, StatPedVest og Tambartun kompetansesenter er partane samde om at avtalen vert forlenga ut 2012. Frå og med 01.01.2013 vil det bli ei større endring i organisering og drift av denne tenesta. Høyringsfristen er sett til 01.nov. 2011.

FAKTA

Meland kommune, v/kommunalsjef for kultur og oppvekst, har vore representant for kommunane i Hordaland i styret for Syns- og Audiopedagogisk teneste i Hordaland. Styret i SAPT-H ønskjer no svar frå alle kommunane på ein del spørsmål kring organisering og finansiering av ei framtidig teneste på dette feltet.

Her er utdrag frå høyringsnotatet:

"Høyringsnotat vedrørende framtidig organisering av Syns og Audiopedagogisk Teneste i Hordaland (SAPT-H) til fylkeskommunen og kommunene i Hordaland.

Syns- og Audiopedagogisk Teneste er en interkommunal tjeneste som yter bistand til syns- og hørselshemmede i Hordaland Fylke. Brukergruppen er barn og ungdom i grunnutdanning og i høyere utdanning, samt voksne i utdanning, yrkes- og samfunnsliv.

Samarbeidsavtalen mellom partene utløper 31.12.2011. Styret har oppnevnt en arbeidsgruppe som har utredet alternativer til en fremtidig organiseringsform.

Dette ønsker styret svar på:

- 1. Ønsker kommunen /fylkeskommunen å være part i ny avtale?*
- 2. Hvordan bør tilbudet fra SAPT-H videreføres og utvikles jmf. alternativer?*
- 3. Dersom det blir flertall for annet valg enn det kommunen selv velger, vil kommunen likevel være med som part i avtalen med de økonomiske forpliktelse dette medfører?"*

Det vart i styremøte i SAPT-H 17.12.2008 gjort vedtak om å opprette ei representativ arbeidsgruppe som har vurdert framtidig organisering av tenesta.

Partane som er med på den noverande avtalen er:

- Bergen kommune, som vertskommune for SAPT-H
- Dei andre kommunane i Hordaland fylke
- Hordaland fylkeskommune
- Statped Vest
- Tambartun kompetansesenter

Årsbudsjettet for SAPT-H vert vedteke av Bergen bystyre. Kommunane i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og kompetansesenta Statped Vest og Tambartun forpliktar seg til å dekkja ein del av dei samla utgiftene for SAPT-H. Utgiftene vert no fordelt slik:

- Samarbeidande kommunar i Hordaland, inkludert Bergen: 65 %. Fordelingsnøkkel er gitt etter innbyggjartal pr. 31.12 og følgjer SSB sin innbyggjarstatistikk.
- Hordaland fylkeskommune: 10 %
- Statped Vest og Tambartun kompetansesenter: 25 %

StatPed Vest har i skriv datert 19.mai 2011 kome med ei grunngeving for at dei ønskjer å gå ut av samarbeidet med kommunane om denne tenesta, slik den no er organisert og finansiert. StatPed Vest vil "reindyrke" den statlege delen av tenestetilbodet, slik som i resten av landet.

Tambartun kompetansesenter ønskjer også at noverande avtale vert avslutta når avtaleperioden går ut 31.12.2011.

Arbeidsgruppa som har vurdert ny organisering, har kome med framlegg til styret om tre alternative driftsmodellar:

- **Alternativ 1.**

"Som en følge av at StatPed Vest og Tambartun fra 2013 går ut av samarbeidet, reduseres de økonomiske rammene for SAPT-H med 25%. Statped vil da ha ansvar for de statlige tjenestene som SAPT-H utfører i dag.

Ut fra alternativ 1 vil SAPT-H få en redusert økonomisk ramme på 2.84 mill kr som tilsier at SAPT-H kan opprettholde ca 11 årsverk mot 16 årsverk i dag. Brukerne vil få en noe redusert tjeneste i forhold til dagens tjeneste, og oppgavefordelingen mellom SAPT-H og Statped justeres."

Kalkyle alternativ 1 - Masfjorden kr. 25.500 pr. år

- **Alternativ 2.**

”Som en følge av at StatPed Vest og Tambartun fra 2013 går ut av samarbeidet, reduseres de økonomiske rammene for SAPT-H med 12,5 %. Statped vil – som i alternativ 1 – ha ansvar for de statlige tjenestene som SAPT-H utfører i dag. Ut fra alternativ 2 vil SAPT-H få en redusert økonomisk ramme på 1.42 mill kr som tilsier at SAPT-H kan opprettholde ca 13 årsverk. I alternativ 2 vil kommunene få en økt kostnad. Dette alternativet vil gi brukere et større omfang på tilbudet, samtidig som oppgavefordelingen mellom SAPT-H og Statped justeres.”
*Kalkyle alternativ 2 - **Masfjorden kr 30500 pr. år***

- **Alternativ 3.**

”Selv om Statped Vest og Tambartun fra 2013 går ut av samarbeidet, blir de økonomiske rammene opprettholdt. Statped vil - som i alternativ 1 og 2 ha ansvar for de statlige tjenestene som SAPT-H utfører i dag. Ut fra alternativ 3 vil SAPT-H ha en økonomisk ramme som tilsier at SAPT-H kan opprettholde tjenesten med 16 årsverk, slik som i dag. Kommunene vil da få en økt kostnad.”
*Kalkyle alternativ 3 - **Masfjorden kr 35 000***

”Uansett hvilket alternativ kommunene i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune velger, må det inngås en ny avtale mellom partene om oppdrag og finansiering av SAPT-H, samt en ny avtale mellom SAPT-H og Statped”.

VURDERING

Det er ikkje mogeleg for Masfjorden kommune åleine å byggja opp og driva ei syns- og audiopedagogisk teneste. Kommunen er avhengig av eit samarbeid med dei andre kommunane i Hordaland innan fagfeltet syn og høyrse. I dag er det mangel på fagfolk på desse spesialiserte områda, og alle kommunane kan ikkje klare å rekruttera personale til eigne tenester.

Masfjorden kommune bør difor framleis ta del i samarbeid med Hordalandskommunane innan fagfeltet syn- og høyrse. Spørsmålet er kva for alternativ som er best for kommunen.

Rådmannen meiner at alternativ 2 kan vera tenleg for Masfjorden kommune. Dette alternativet vil føra med seg ein viss reduksjon av drifta av Syns- og Audiopedagogisk teneste i Hordaland i høve til i dag.. Men samstundes vil StatPed Vest overta noko av det arbeidet som vert utført av SAPT-H i dag, utan at dette enno er heilt spesifisert. Alt i alt vil ikkje dette føre til eit lågare tilbod til brukarane. Truleg vil reduksjonen på om lag tre stillingar bli erstatta av at StatPed Vest overtek nokre av oppgåvene.

Masfjorden kommune vil få auka kostnader på ca. kr 5 000 pr år dersom kommunen vel alternativ 2.

KONKLUSJON

Masfjorden kommunestyre vil framleis ha ei felles syns- og audiopedagogisk teneste for alle kommunane i Hordaland frå 01.01.2013. Å samle faglege og administrative ressursar innan dette fagfeltet vil vere positivt for alle kommunane.

Masfjorden kommune går inn for alternativ 2, slik det ligg føre i saksutgreiinga.

Den årlege overføringa frå Masfjorden kommune vil auke frå kr 25500 til kr 30500.

Denne ekstra kostnaden vil bli vurdert i samband med budsjettet for 2013.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	25.10.2011	080/11	Sigvald Kvinge
Kommunestyret	25.10.2011	080/11	Sigvald Kvinge

Arkiv: N-55, N-016	Arkivsaknr.: 11/64
--------------------	--------------------

SAK 080/11 - AVTALE OM FELLES BRANNVERN I GULEN OG MASFJORDEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner avtale om felles brannvern for Gulen og Masfjorden med følgjande avtaleinnhald;

1. Vertskommunesamarbeid

Felles brannvesen (beredskap brann og redning), er oppretta som vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28b, mellom kommunane Gulen og Masfjorden. Namnet skal vera Gulen og Masfjorden brann og redning. Gulen kommune er medlemskommune og Masfjorden er vertskommune. Alle kostnader skal delast etter folketal. Masfjorden kommune fakturerer Gulen for kostnader knytt til samarbeidet.

2. Føremålet med samarbeidet

Føremålet med samarbeidet er å få ein best mogeleg beredskap i dei to medlemskommunane for å møte dei utfordringar ein kan stå over for i forhold til brann, ulukker, akutt forureining og andre kritiske situasjonar som krev personell og/eller utstyr.

3. Val av vertskommune

Vertskommune er Masfjorden kommune. Gulen kommune er medlemskommune. Vertskommune er vald i høve praktiske årsaker, mellom anna i høve ønskje frå brannsjefen om val av kontorstad. Ved eventuell skifte av felles brannsjef eller av andre praktiske årsaker, kan val av vertskommune endrast.

4. Ansvar og myndigheit

Brannvernet, ved brannsjefen, er ansvarleg for å gjennomføra alle lovpålagte oppgåver etter lov om brann og eksplosjonsvern med tilhøyrande føresegner, slik det går fram av brannordningane. Brannsjefen rapporterar til rådmannen i vertskommunen. Kommunestyra i Gulen og Masfjorden har delegert dei fullmakter som er tillatt delegert etter brannlova, til brannsjefen.

5. Organisering, dimensjonering og lokalisering.

Brannvesenet er organisert med sju stasjonar og depot. Desse ligg på Matre, i Brekke, på Dalsøyra, i Eivindvik, på Sandnes, i Duesund og på Byrknes. Alle stasjonane har innkallingsmannskap. Beredskapen er leia av ein felles brannsjef, som har fast kontorplass i vertskommunen. Brannsjefen har ansvar for budsjett og dagleg leiing. Alt mannskap vert tilsett i Masfjorden kommune som då har arbeidsgjevaransvaret for dei

6. Økonomi

Brannsjefen pliktar å utarbeida driftsbudsjett, og har ansvar for at desse vert gjennomførte. Budsjettet lyt utarbeidast innan 01.09 kvart år og sendast kommunane. Budsjettet skal stå i forhold til den, til ei kvar tid, gjeldande risiko som kommunane står over for. Fordeling av kostnader, skal vera basert på folketalet pr. 01.01 i budsjettåret. Driftsrekneskapet for samarbeidet skal først særskild med eige ansvar i kommunerekneskapet.

Ubalanse i driftsrekneskapet, skal overførast til påfølgande år.

Utstyr og anleggsmiddel, herunder køyretøy, utstyr og husvære for dette, skal framleis eigast og driftast av den respektive kommune. Dette gjeld også investeringar i nytt utstyr.

Personell skal vera tilsett i vertskommunen med brannsjefen som næraste overordna.

Overskot ved sal av tenester, skal godskrivast driftsbudsjettet.

7. Informasjon

Saker som er av spesiell karakter skal takast opp på rådmannsnivå. Resterande saker skal drøftast i arbeidsgruppa for brann mellom dei to kommunane. Brannsjefen kallar inn til slikt møte to gongar i året.

8. Sal av tenester

Brannvernet skal ha mynde til å selja tenester. Dette kan vera oppgåver med å brenna ned hus, eller køyra vatten i tomme brønner. Overskot på dette skal gå inn i rekneskapen til brannvernet.

9. Avvikling / oppseiing av avtalen

Avtalen gjeld frå 01.01.12 og til ho vert oppsagt. Kvar av kommunane kan seia opp avtalen med 1 års varsel frå 31.12 det aktuelle året. Ved eventuell oppløysing, skal verdiane i samarbeidet fordelast i samsvar med dei investeringane den einskilde kommune har ytt.

10. Tvisteløysing

Dersom det oppstår tvist eller anna usemje, og ein ikkje når fram med tingingar, skal det oppnemnast ei nemnd der kvar kommune har sin representant og ein felles nøytral domsmann, t.d. lensmannen, som saman kan freista finna ei felles løysing ved valdgift.

Finansiering

Nettoeffekt av samarbeidet er innarbeidd i årsbudsjettet for 2012, både drift og investering

Heimel

Brannlova sin § 15 første ledd:

Kommunane skal samarbeid om lokale og regionale førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver, med sikte på best mogeleg å utnytta dei samla ressursane

Også heimla i vedtak i kommunestyra i begge kommunane tidlegare i 2011 for Masfjorden sin del.

KS-080/11 VEDTAK :

Masfjorden kommune godkjenner avtale om felles brannvern for Gulen og Masfjorden med følgjande avtaleinnhald;

1. Vertskommunesamarbeid

Felles brannvesen (beredskap brann og redning), er oppretta som vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28b, mellom kommunane Gulen og Masfjorden. Namnet skal vera Gulen og Masfjorden brann og redning. Gulen kommune er medlemskommune og Masfjorden er vertskommune. Alle kostnader skal delast etter folketal. Masfjorden kommune fakturerer Gulen for kostnader knytt til samarbeidet.

2. Føremålet med samarbeidet

Føremålet med samarbeidet er å få ein best mogeleg beredskap i dei to medlemskommunane for å møte dei utfordringar ein kan stå over for i forhold til brann, ulukker, akutt forureining og andre kritiske situasjonar som krev personell og/eller utstyr.

3. Val av vertskommune

Vertskommune er Masfjorden kommune. Gulen kommune er medlemskommune. Vertskommune er vald i høve praktiske årsaker, mellom anna i høve ønskje frå brannsjefen om val av kontorstad. Ved eventuell skifte av felles brannsjef eller av andre praktiske årsaker, kan val av vertskommune endrast.

4. Ansvar og myndigheit

Brannvernet, ved brannsjefen, er ansvarleg for å gjennomføra alle lovpålagte oppgåver etter lov om brann og eksplosjonsvern med tilhøyrande føresegner, slik det går fram av brannordningane. Brannsjefen rapporterar til rådmannen i vertskommunen. Kommunestyra i Gulen og Masfjorden har delegert dei fullmakter som er tillatt delegert etter brannlova, til brannsjefen.

5. Organisering, dimensjonering og lokalisering.

Brannvesenet er organisert med sju stasjonar og depot. Desse ligg på Matre, i Brekke, på Dalsøyra, i Eivindvik, på Sandnes, i Duesund og på Byrknes. Alle stasjonane har innkallingsmannskap. Beredskapen er leia av ein felles brannsjef, som har fast kontorplass i vertskommunen. Brannsjefen har ansvar for budsjett og dagleg leiing. Alt mannskap vert tilsett i Masfjorden kommune som då har arbeidsgjevaransvaret for dei

6. Økonomi

Brannsjefen pliktar å utarbeida driftsbudsjett, og har ansvar for at desse vert gjennomførte. Budsjettet lyt utarbeidast innan 01.09 kvart år og sendast kommunane. Budsjettet skal stå i forhold til den, til ei kvar tid, gjeldande risiko som kommunane står over for. Fordeling av kostnader, skal vera basert på folketalet pr. 01.01 i budsjettåret. Driftsrekneskapet for samarbeidet skal førast særskild med eige ansvar i kommunerekneskapet.

Ubalanse i driftsrekneskapet, skal overførast til påfølgande år.

Utstyr og anleggsmiddel, herunder køyretøy, utstyr og husvære for dette, skal framleis eigast og driftast av den respektive kommune.

Dette gjeld også investeringar i nytt utstyr.

Personell skal vera tilsett i vertskommunen med brannsjefen som næraste overordna. Overskot ved sal av tenester, skal godskrivast driftsbudsjettet.

7. Informasjon

Saker som er av spesiell karakter skal takast opp på rådmannsnivå. Resterande saker skal drøftast i arbeidsgruppa for brann mellom dei to kommunane. Brannsjefen kallar inn til slikt møte to gongar i året.

8. Sal av tenester

Brannvernet skal ha mynde til å selja tenester. Dette kan vera oppgåver med å brenna ned hus, eller køyra vatten i tomme brønner. Overskot på dette skal gå inn i rekneskapen til brannvernet.

9. Avvikling / oppseiing av avtalen

Avtalen gjeld frå 01.01.12 og til ho vert oppsagt. Kvar av kommunane kan seia opp avtalen med 1 års varsel frå 31.12 det aktuelle året. Ved eventuell oppløysing, skal verdiane i samarbeidet fordelast i samsvar med dei investeringane den einkilde kommune har ytt.

10. Tvisteløysing

Dersom det oppstår tvist eller anna usemje, og ein ikkje når fram med tingingar, skal det oppnemnast ei nemnd der kvar kommune har sin representant og ein felles nøytral domsmann, t.d. lensmannen, som saman kan freista finna ei felles løysing ved valdgift.

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Gulen kommune har ikkje hatt denne saka til handsaming enno, men avtalen er drøfta med Gulen kommune.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS-084/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**Masfjorden kommune godkjenner avtale om felles brannvern for Gulen og Masfjorden med følgjande avtaleinnhald;**

1. Vertskommunesamarbeid

Felles brannvesen (beredskap brann og redning), er oppretta som vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28b, mellom kommunane Gulen og Masfjorden. Namnet skal vera Gulen og Masfjorden brann og redning. Gulen kommune er medlemskommune og Masfjorden er vertskommune. Alle kostnader skal delast etter folketal. Masfjorden kommune fakturerer Gulen for kostnader knytt til samarbeidet.

2. Føremålet med samarbeidet

Føremålet med samarbeidet er å få ein best mogeleg beredskap i dei to medlemskommunane for å møte dei utfordringar ein kan stå over for i forhold til brann,ulukker, akutt forureining og andre kritiske situasjonar som krev personell og/eller utstyr.

3. Val av vertskommune

Vertskommune er Masfjorden kommune. Gulen kommune er medlemskommune. Vertskommune er vald i høve praktiske årsaker, mellom anna i høve ønskje frå brannsjefen om val av kontorstad. Ved eventuell skifte av felles brannsjef eller av andre praktiske årsaker, kan val av vertskommune endrast.

4. Ansvar og myndigheit

Brannvernet, ved brannsjefen, er ansvarleg for å gjennomføra alle lovpålagte oppgåver etter lov om brann og eksplosjonsvern med tilhøyrande føresegner, slik det går fram av brannordningane. Brannsjefen rapporterar til rådmannen i vertskommunen. Kommunestyra i Gulen og Masfjorden har delegert dei fullmakter som er tillatt delegert etter brannlova, til brannsjefen.

5. Organisering, dimensjonering og lokalisering.

Brannvesenet er organisert med sju stasjonar og depot. Desse ligg på Matre, i Brekke, på Dalsøyra, i Eivindvik, på Sandnes, i Duesund og på Byrknes. Alle stasjonane har innkallingsmannskap. Beredskapen er leia av ein felles brannsjef, som har fast kontorplass i vertskommunen. Brannsjefen har ansvar for budsjett og dagleg leiing. Alt mannskap vert tilsett i Masfjorden kommune som då har arbeidsgjevaransvaret for dei

6. Økonomi

Brannsjefen pliktar å utarbeida driftsbudsjett, og har ansvar for at desse vert gjennomførte. Budsjettet lyt utarbeidast innan 01.09 kvart år og sendast kommunane. Budsjettet skal stå i forhold til den, til ei kvar tid, gjeldande risiko som kommunane står over for. Fordeling av kostnader, skal vera basert på folketalet pr. 01.01 i budsjettåret. Driftsrekneskapet for samarbeidet skal førast særskild med eige ansvar i kommunerekneskapet.

Ubalanse i driftsrekneskapet, skal overførast til påfølgande år.

Utstyr og anleggsmiddel, herunder køyretøy, utstyr og husvære for dette, skal framleis eigast og driftast av den respektive kommune. Dette gjeld også investeringar i nytt utstyr.

Personell skal vera tilsett i vertskommunen med brannsjefen som næraste overordna.

Overskot ved sal av tenester, skal godskrivast driftsbudsjettet.

7. Informasjon

Saker som er av spesiell karakter skal takast opp på rådmannsnivå. Resterande saker skal drøftast i arbeidsgruppa for brann mellom dei to kommunane. Brannsjefen kallar inn til slikt møte to gongar i året.

8. Sal av tenester

Brannvernet skal ha mynde til å selja tenester. Dette kan vera oppgåver med å brenna ned hus, eller køyra vatten i tomme brønner. Overskot på dette skal gå inn i rekneskapen til brannvernet.

9. Avvikling / oppseiing av avtalen

Avtalen gjeld frå 01.01.12 og til ho vert oppsagt. Kvar av kommunane kan seia opp avtalen med 1 års varsel frå 31.12 det aktuelle året. Ved eventuell oppløysing, skal verdiane i samarbeidet fordelast i samsvar med dei investeringane den einskilde kommune har ytt.

10. Tvisteløysing

Dersom det oppstår tvist eller anna usemje, og ein ikkje når fram med tingingar, skal det oppnemnast ei nemnd der kvar kommune har sin representant og ein felles nøytral domsmann, t.d. lensmannen, som saman kan freista finna ei felles løysing ved valdgift.

Det skjedde i Formannskapet den 25.10.2011:

Rådmann Svein Helge Hofslundsen orienterte og sa at det ligg i avtalen at det vil bli ei auka satsing på brann både med drift og investering.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
14	U	12.10.2011	Gulen kommune ved rådmannen	Avtale om felles brannvesen i Gulen og Masfjorden

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunane har vedteke å samarbeida om brannvernet. Bakgrunnen var eit ønske om å få ein betre utnyttingsgrad av ressursane, mellom anna på grunn av at dei største risikoobjekta ligg i grenseområda mellom kommunane. Eit felles brannvern gjev større slagkraft, mellom anna, ved at ein har ei samla oversikt over ressursane, og at mannskapa kjenner kvarandre og utstyret frå før.

FAKTA

Avtalen er tenkt tufta på § 28 b i kommunelova.

§ 28b. Administrativt vertskommunesamarbeid

- 1. En kommune (samarbeidskommune) kan avtale med en annen kommune (vertskommune) at vertskommunen skal utføre oppgaver og treffe avgjørelser etter delegert myndighet fra samarbeidskommunen i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning.*
- 2. Bestemmelsen i nr. 1 gjelder tilsvarende for vertskommunesamarbeid mellom fylkeskommuner.*
- 3. Delegasjon av myndighet som nevnt i nr. 1 skjer ved at kommunestyret eller fylkestinget selv gir instruks til egen administrasjonssjef om delegasjon til administrasjonssjefen i vertskommunen.*
- 4. Folkevalgte organer i vertskommunen har ikke instruksjons- eller omgjøringsmyndighet der delegasjon er skjedd i samsvar med nr. 3.*
- 5. En samarbeidskommune kan gi vertskommunen instruks om utøvelsen av den delegerte myndighet i saker som alene gjelder samarbeidskommunen eller berørte innbyggere.*
- 6. For vedtak vertskommunen treffer etter delegasjon fra en samarbeidskommune, har samarbeidskommunen samme omgjøringsmyndighet som etter forvaltningsloven § 35 første ledd.*

Tilføyd ved lov 15 des 2006 nr. 91 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 15 des 2006 nr. 1428).

Dette er ei løysing som er enkel å administrere. Alle driftskostnader vert fordelte etter folketalet på 01.01 i budsjettåret. Alt personell vert tilsett i Masfjorden kommune. Som ein ser av pkt 3 over så må kommunestyret i Gulen delegere mynde til rådmannen i Gulen med instruks om å delegere vidare til rådmannen i Masfjorden som vertskommune.

VURDERING

Det er vurdert andre alternative samarbeidsløysingar som eks etter § 27 i kommunelova.

Dette er vurdert som ei mykje meir komplisert samarbeidsform. Rådmennene i samarbeidskommunane ynskjer lågast mogeleg formaliseringsgrad og byråkratisering kring samarbeid og drift av felles brannvesen. I det daglege vert samarbeidet handtert av felles brannsjef/prosjektleiari og personar som representerer rådmennene i kommunane.

Det er ynskjeleg å, snarast, få i gang drifta av eit felles brannvern. Mellom anna for å koma i gang med opplæring av mannskapa (i h.h.t. deltidsreforma). Dette er ei oppgåve som krev eit relativt langsiktig perspektiv, og det hastar med å kome i gang med opplæringa for å stetta sentrale myndigheitskrav i forhold til kompetanse.

For å få betre tid til utredning av korleis ein skal ivareta den einskilde kommune sine interesser i forhold til aktiva / investeringar, har ein valt å halda desse utanfor avtalen inn til vidare.

Det felles brannvernet som er oppretta med mellom anna felles brannsjef, er ei styrking av beredskapen i Gulen og Masfjorden kommunar. Utgangspunktet for styrkinga er risiko- og sårbarheitsvurderingar som er gjort, som viser at det er avvik mellom risiko og beredskap i kommunane. Med gjennomføring av tiltaka i forhold til vedtekne brannordningar, vert desse avvika lukka.

Investering

Investering i tenleg utstyr og materiell i samsvar med brannordningane er vesentleg for å kunne lukke avvika i høve ros/beredskap.

Investeringane er sett opp kommunevis. I samarbeidet er det lagt opp til eit spleiselag mellom kommunane og statens vegvesen, der Gulen investerar for 4 millionar, statens vegvesen med 1 million og Masfjorden kommune for 1,5 millionar. Investeringane i Masfjorden er stipulert til 3 millionar, der Gulen tek del med 0,5 millionar, statens vegvesen med 1 million, og Masfjorden med 1,5 millionar.

Investering:

		Sum	Masfjorden
Investeringar		investering	2011
Ny Tankbil/brannbil Matre	STV 1 mill+ GK 400'+ MK 600'	2 000 000	600 000
Førsteinnsatsbilar Matre, Duesund, Sandnes	3*175'=525'+ innreiing 145'	670 000	670 000
Røykdykkarutstyr 14 sett*20' = 280'	GK 100+ MK 200'= 300'	300 000	200 000
Oljevernustyr 3*10'=30'		30 000	30 000
SUM Investering bil og utstyr		3 000 000	1 500 000
I tillegg kjem Mva og eigenkost innkjøp		900 000	450 000
SUM brutto investering bilar og utstyr		3 900 000	1 950 000

Netto investeringar for Masfjorden vert 1,5 mill.kr., då vi overfører mva.komp. frå drift til investering med 100%. Investeringane vert lagt inn som framlegg til 2012 budsjettet, og vert difor ikkje gjort i 2011 som var opphavleg plan. Tiltak brann i 2012 medfører at andre tiltak lagt inn i økonomiplan må ut eller at ein finn annan finansiering av branninvesteringane.

Driftsbudsjett

I avtalen om samarbeid, er det lagt opp til vertskommunesamarbeid, der Masfjorden er vertskommune. Dette medfører at mannskapa vert tilsett i Masfjorden kommune. Når det gjeld auke i driftsbudsjett skuldast dette, i hovudsak, tilsetjing av brannsjef, opplæring av personell i henhold til krav i deltidsreformen, og auka avskrivningar som følgje av investeringar. Det vert lagt opp til å gjennomføra opplæringa lokalt, noko som gjev mindre belastning på mannskapa, og reduksjon av kostnader i forhold til alternative løysingar. Driftsbudsjettet 2012 aukar på løns- og driftspostane med om lag 900.000,-, men refusjonar Gulen kommune med 580.000,- reduserer nettoén. Vaktgodtgjersle tilsette i Gulen er førebels ikkje innarbeidd i budsjettet, og heller ikkje med i refusjonsgrunnlaget – her treng ein vidare avklaringar.

KONKLUSJON

Det vert inngått avtale om vertskommunesamarbeid etter kommunelova sin § 28 b.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	18.10.2011	033/11	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	25.10.2011	081/11	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 11/83
---------------------	--------------------

SAK 081/11 - REGULERINGSPLAN FOR STORDALSHAMMAREN HYTTEFELT GNR 50/2 - EIGENGODKJENNING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert reguleringsplan for Stordalshammaren hyttefelt med plankart og –føresegner vedteken slik han ligg føre.

Finansiering

Gebyrregulativet

Heimel

Plan- og bygningslova

Utskrift vert sendt:

BKK nett As	Postboks 7050	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvernavdelinga	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	pb 7900	5020	BERGEN
Høyanger kommune		6993	HØYANGER
Ing. Bjørnar Vik	Haugsværlia 1	5983	HAUGSVÆR
Mattilsynet	pb 383	2381	BRUMUNDDAL
Nordhordland og Gulen	Kjevikdalen	5956	VÅGSEIDET
renovasjonsselskap			
NVE	pb 53	6801	FØRDE
Statens vegvesen region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Walter Fosse	Bjørndalsbrotet 70	5171	LODDEFJORD

FUP-033/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert reguleringsplan for Stordalshammaren hyttefelt med plankart og –føresegner vedteken slik han ligg føre.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 18.10.2011:

Ordførar orienterte kort. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-081/11 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12 – 12 vert reguleringsplan for Stordalshammaren hyttefelt med plankart og – føresegner vedteken slik han ligg føre.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	31.01.2011	Ing. Bjørnar Vik	Oversending av referat frå oppstartsmøte for ny reguleringsplan for Stordalshammaren hyttefelt den 27.01.2011
2	I	04.02.2011	ing Bjørnar Leif Vik	Varsel om igangsettelse av regulering av Stordalshammaren hyttefelt
3	I	01.03.2011	NVE	Innspel til varsel om oppstart av reguleringsplan for Storhammaren hyttefelt gnr 50/2
5	I	04.03.2011	Hordaland fylkeskommune	Stordalshammaren hyttefelt - gnr 50/2 - varsel om igangsetting av regulering - innspel om kulturminne
4	I	10.03.2011	Statens vegvesen region Vest	Varsel om igangsetting av regulering gnr 50/2 Stordalshammaren hyttefelt
6	I	04.05.2011	Ing. Bjørnar Vik	Ferdig plan Stordalshammaren
7	I	10.05.2011	Ing. Bjørnar Vik	Korrigert: Planforslag.pdf
9	U	20.05.2011	NVE; Statens vegvesen region Vest; Hordaland fylkeskommune; Ing. Bjørnar Vik; Walter Fosse; Fylkesmannen i Hordaland; BKK nett As;	Melding om delegert vedtak framlegg til reguleringsplan for Stordalshammaren - høyring og offentlig ettersyn

			Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap; Mattilsynet for Bergen og omland; Høyanger kommune	
10	I	03.06.2011	Statens vegvesen	Uttale høyring oml framlegg til reguleringsplan for Stordalshammaren
11	I	22.06.2011	NVE	Fråsegn til offentleg ettersyn av reguleringsplan for Stordalshammaren hyttefelt gnr 50/2
12	I	06.07.2011	Mattilsynet	Uttale til framlegg til reguleringsplan for Stordalshammaren
13	I	08.07.2011	Hordaland fylkeskommune	Melding om delegert vedtak - framlegg til reguleringsplan for Stordalshammaren
14	I	14.09.2011	Ing. Bjørnar Vik	Slutthandsaming reguleringsplan Stordalshammaren

Utskrift vert sendt:

BKK nett As	Postboks 7050	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvernavdelinga	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	pb 7900	5020	BERGEN
Høyanger kommune		6993	HØYANGER
Ing. Bjørnar Vik	Haugsværlia 1	5983	HAUGSVÆR
Mattilsynet	pb 383	2381	BRUMUNDDAL
Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap	Kjevikdalen	5956	VÅGSEIDET
NVE	pb 53	6801	FØRDE
Statens vegvesen region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Walter Fosse	Bjørndalsbrotet 70	5171	LODDEFJORD

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Det vart meldt oppstart av reguleringsplanarbeid for Stordalshammaren hyttefelt, Stordalen. Meldinga vart kunngjort med frist for skriftlege meldingar sett til 10.03.2011.

Planarbeidet er heimla i Kommunedelplan for Stordalen vedteken av Masfjorden kommunestyre den 11.12.2008 som sak 119/08.

Planarbeidet er utført av ing. Bjørnar Vik og Cowi AS.

HØYRING

Framlegg til reguleringsplan for Stordalshammaren hyttefelt vart vedteke sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i1 DFUP-vedtak 064/11 den 18.05.2011. Frist for å kome med merknader vart sett til 30.06.2011. Det har kome 4 merknader til planframlegget. Alle merknadane er sendt planleggar til uttale.

UTTALE

Hordaland fylkeskommune

Hordland fylkeskommune peiker på at utbygging i Stordalen bør utførast i tråd med kommunedelplanen for Stordalen og føresegnene til denne. Dette gjeld og for maksimal hyttestorleik og terrassestorleik.

Rådmannen har tilrådd ny maks storleik for hyttene fordi føresegnene i kommunedelplanen inneheld omgrep som grunnflate og hems. Desse omgrepa er ikkje definert i lovverk eller rettleiarar, og det er difor vanskelege å handsame byggesøknader i Stordalen. Ny føresegn er lik framlegg til føresegn for hyttebygging i kommuneplanen som no er sendt på høyring. Utgangspunktet for ny føresegn som gjeld maks hyttestorleik er byggesøknadane for hytter dei siste åra. Ein vil difor ikkje få høgre eller større hytter komande år enn dei som vert bygd i dag, men ein kan kanskje få hytter med ei større grunnflate og med alle rom på eit plan. Desse hyttene vil sannsynlegvis ligge finare i terrenget og ein vil inngå at hyttene vert liggjande i silhuett mot himmelen.

Mattilsynet

Mattilsynet har ikkje merknader til framlegg til reguleringsplan for Storekupa hyttefelt.

NVE

NVE rår til at ein nyttar arealbrukskategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, jf pbl § 12-5 nr 6, til å merke vassareal og kantsoner. Elvar og vatn med kantsoner kan regulerast til *Natur- og friluftsliv*.

Rådmannen er klar over at ein kan nytte arealbrukskategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag* til å merke vassareal og kantsoner, men peiker på at dette er ein del av eit regulert vassdrag og meiner arealbrukskategorien *Landbruk, natur og friluftsføremål* gjer tjørna innafor planområdet tilstrekkeleg vern.

Statens vegvesen

Statens vegvesen skriv at dei finn at deira trafikale krav sett fram i merknad til oppstartsmeldinga er teke omsyn til og har ikkje avgjerande merknader til reguleringsplanen slik han no er utforma.

VURDERING

Sjå rådmannen sine kommentarar under uttale.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at reguleringsplanen for Stordalshammaren hyttefelt vert vedteken slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	18.10.2011	032/11	Kjersti Furnes Soltvedt
Kommunestyret	25.10.2011	082/11	Kjersti Furnes Soltvedt

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 09/548
---------------------	---------------------

SAK 082/11 - REGULERINGSPLAN FOR STOREKUPA HYTTEFELT - EIGENGODKJENNING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert reguleringsplan for Storekupa hyttefelt med plankart og –føresegner vedteken slik han ligg føre.

Finansiering
gebyrregulativet

Heimel
Plan- og bygningslova

Utskrift vert sendt:

Anita Træet Duesund / Vidar Duesund	Solheimslia 560	5983	HAUGSVÆR
Anna Østerbø	Einleitevegen 25	5984	MATREDAL
Arne Toralf Mjanger	Mjanger	5981	MASFJORDNES
Arthur Ragnar Eknes	Alverflaten	5916	
Arvid Hindenes	Furulia 10	5913	EIKANGERVÅG
Aud Torunn Høydal / Terje Nævdal	Eidsnesvegen 19	5913	EIKANGERVÅG
Bente S. Fivelsdal / Hogne Torbjørn Fivelsdal	Storhaugen 28	5955	LINDÅS
Berit Philips	Kvanndal	5736	GRANVIN
Bjørn Henry Thorson	Kvalen 22	5955	LINDÅS
Bjørn-Terje Svendsen / Eva Tvedt Svendsen	Frekhaugsogen 10	5918	FREKHAUG
BKK nett As	Postboks 7050	5020	BERGEN
Brita Nedreaas	Stranda 564	5993	OSTEREIDET
Frode Fjellsbø / Berit Fjellsbø	Veråsvegen 170	5955	LINDÅS

Fylkesmannen i Hordaland	Pb 7310	5020	BERGEN
Grete Schaathun	Vågsgrenda 38	5200	OS
Hans Henrik Fanebust	Mangersnessvingen 75	5936	MANGER
Hans Ingard Bremnes / Liv Kari Ness	Brimnes 79	5970	BYRKNESØY
Kultur- og idrettsavd Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Høyanger kommune		6993	HØYANGER
Ing. Bjørnar Vik	Haugsværli 1	5983	HAUGSVÆR
Jakob Hilmar Skurtveit	Skurtveitvegen 61	5917	ROSSLAND
John Fjellanger	Fjellangersvingane 204	5955	LINDÅS
John Fjellanger	Fjellangersvingane 204	5955	LINDÅS
Karen-Lise Rath	Slettevegen 923	5939	SLETTA
Laila Risholm Øvreveit	Heltevikåsen 34	5173	LODDEFJORD
Litlekupa Hyttelag v/Geir Johansen	Krokavegen 69	5353	STRAUME
Magnar Østerbø	Alhusstrand	7800	NAMSOS
Magne Haugsvær	Hope	5981	MASFJORDNES
Mattilsynet for Bergen og omland	Felles postmottak	2381	BRUMUNDDAL
Nils Ove Vassdal	Solevegen 149	5943	AUSTRHEIM
Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap	Kjevikdalen	5956	VÅGSEIDET
NVE Region Vest	Postboks 53	6801	FØRDE
Otto Magne Kleiven	Mykingvegen 835 A	5957	MYKING
Pamela Ann Ølstad	Vollavegne 61 C	5261	INDRE ARNA
Ragnar Hindenes	Svindalsvegen 46	5913	EIKANGERVÅG
Statens vegvesen	Region vest	6863	LEIKANGER
Thor Kåre Stordal	Myrdalshovden 138	5131	NYBORG
Tore Johannesen	Sædalsvegen 94	5099	
Walter Fosse	Bjørndalsbrotet 70	5171	LODDEFJORD
Åsmund Øpstad	Leilighet 4, Legene 7	6100	VOLDA

KS-082/11 VEDTAK :

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert reguleringsplan for Storekupa hyttefelt med plankart og –føresegner vedteken slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FUP-032/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert reguleringsplan for Storekupa hyttefelt med plankart og –føresegner vedteken slik han ligg føre.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 18.10.2011:

Ordførar orienterte kort og saka vart drøfta. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
21	I	14.06.2011	John Fjellanger	Merknad til framlegg til reguleringsplan for Storekupa hyttefelt
19	I	20.06.2011	Litlekupa Hyttelag v/Geir Johansen	Forslag til endring av reguleringsplan for Storekupa hyttefelt
22	I	24.06.2011	Hordaland fylkeskommune	Storekupa hyttefelt - reguleringsplan til offentleg høyring - merknader
20	I	24.06.2011	NVE	Fråsegn til offentleg ettersyn av reguleringsplan for Storekupa hyttefelt gnr 50/2 m fl.
23	I	05.07.2011	Mattilsynet	Uttale til melding om politisk vedtak - reguleringsplan for Storekupa hyttefelt i Stordalen
24	U	10.08.2011	Bjørn-Terje Svendsen / Eva Tvedt Svendsen	Oversending av papirer som gjeld reguleringsplan for Storekupa - utvida frist for å kome med merknad
26	I	23.08.2011	bjornar.leif.vik@tryg.no,	Slutthandsaming reguleringsplan Storekupa

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det vart meldt oppstart av reguleringsplanarbeid for Storekupa hyttefelt, Stordalen. Meldinga vart kunngjort med frist for skriftlege meldingar sett til 13.12.2010.

Planarbeidet er heimla i Kommunedelplan for Stordalen vedteken av Masfjorden kommunestyre den 11.12.2008 som sak 119/08.

Planarbeidet er utført av ing. Bjørnar Vik og Cowi AS.

HØYRING

Framlegg til reguleringsplan for Storkupa hyttefelt vart vedteke sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i FUP-vedtak 013/11 den 12.05.2011. Frist for å kome med merknader vart sett til 30.06.2011 og utvida til 24.08.2011 for ein part etter rot i postgangen. Det har kome 5 merknader til planframlegget. Aller merknadane er sendt planleggar til uttale.

UTTALE

Litlekupa Hyttelag v/Geir Johansen

Litlekupa Hyttelag peiker på at parkeringsplassen ved NAF-bygget ikkje er stor nok til dei nye hyttene i Storekupa og meiner at i dei tilfella når dei nye hyttene ikkje kan nytte egne parkeringsplassar (som f.eks når vegen inn i feltet ikkje er brøytt), må hytteeigarane i Storekupa parkere på den store plassen sør for caravanplassen. Litlekupa Hyttelag ønskjer at dette vert tatt med i reguleringsplanen.

Planleggar skriv at det er lagt opp til at tilkomstvegen inn i Storekupa skal brøytast. I tilfeller der store snømengder fører til forsinka brøyting, skal Storekupa nytte parkeringsplassen før for caravanplassen.

Rådmannen peiker på at reguleringsføresegner bør knytast til formål i reguleringsplankartet og at det difor vert vanskeleg å ta med ein setning om alternativ parkering på ein stad som ligg utafor plankartet. Rådmannen oppfordrar planleggar til å løyse dette i kjøpekontraktane.

John Fjellanger

John Fjellanger peiker på dei same momenta som Litlekupa Hyttelag.

Hordaland fylkeskommune

Hordland fylkeskommune har merka seg at ei av hyttene er flytta fordi på låg for nært elva og forutset no at hytta ligg utafor 25 meters belte til vassdrag. Fylkeskommunen peiker vidare på at utbygging i Stordalen bør utførast i tråd med kommunedelplanen for Stordalen og føresegnene til denne. Dette gjeld og for maksimal hyttestorleik og terrassestorleik.

Rådmannen har tilrådd ny maks storleik for hyttene fordi føresegnene i kommunedelplanen inneheld omgrep som grunnflate og hems. Desse omgrepa er ikkje definert i lovverk eller rettleiarar, og det er difor vanskelege å handsame byggesøknader i Stordalen. Ny føresegn er lik framlegg til føresegn for hyttebygging i kommuneplanen som no er sendt på høyring. Utgangspunktet for ny føresegn som gjeld maks hyttestorleik er byggesøknadane for hytter dei siste åra. Ein vil difor ikkje få høgre eller større hytte komande år enn dei som vert bygd i dag, men ein kan kanskje få hytter med ei større grunnflate og med alle rom på eit plan. Desse hyttene vil sannsynlegvis ligge finare i terrenget og ein vil inngå at hyttene vert liggjande i silhuett mot himmelen.

Når de gjeld hyttetomta som er flytta, viser rådmannen til kommentarane til uttalen frå NVE.

Mattilsynet

Mattilsynet har ikkje merknader til framlegg til reguleringsplan for Storekupa hyttefelt.

NVE

NVE rår til at tomt 1 og 2 vert teke ut av reguleringsplanen og at P1 vert flytta lenger sør. Grunngeving for denne tilrådingar er at bekkar med årssikker vassføring i prinsippet skal haldast opne og at omlegging av bekken / flaumførebygging vil øydelegge den naturlege dynamikken i vasshushaldet i deltaet.

NVE skriv vidare at dei ut frå kartstudiar av nedbørsfeltet meiner at det kan vere eit potensiale for sørpeskred i elvelaupet.

Planleggjar skriv at det er utarbeidd geolog-rapport for området. Geologen rår til at det blir etablert flomvern mot hovudelva slik at den vesle bekken gjennom tomt 2 blir tørrlagt. Eit flomvern betyr her å legge opp ein voll mot elvekanten i tilstrekkeleg lengde slik skissa til høgre viser. Skissa viser og ny byggegrense for tomt 4 og 5.

Rådmannen ønskjer å peike på at planleggjar har fått utarbeidd nytt kartgrunnlag (1-meters koter) for området før planlegging starta. Kommunen har fått dette plangrunnlaget men er usikker på om dei andre geovekstpartane har fått dette sidan Statens kartverk berre sender ut oppdatert kart ein gong i året.

Kommunen har synfart område og har erfart at bekken som går gjennom tomt 2 er tørrlagt med mindre det er store nedbørsmengder. Dette er difor ikkje ein bekk med årssikker vassføring som i prinsippet skal haldast open.

Rådmannen har merka seg at NVE skriv at dei ut frå kartstudiar meiner at det kan vere eit potensiale for sørpeskred. Dette er ikkje nemnd av geolog som har vore på staden og som har vurdert faren for ras blant anna med vha av nytt kartgrunnlag. Rådmannen finn difor å kunne tilrå at tomt 1 og 2 samt parkeringsplassen vert liggande i planen men at dei ikkje kan påbyggjast før etter at flomvernet er etablert.

VURDERING


Sjå rådmannen sine kommentarar under uttale.

Endringar i reguleringsplankartet:

- Utvida plangrense for å få med flomvernet.
- Ny byggegrense for tomt 4 og 5

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at reguleringsplanen for Storekupa hyttefelt vert vedteken slik han ligg føre.



MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	21.10.2011	071/11	Alf Strand
Kommunestyret	25.10.2011	083/11	Alf Strand

Arkiv: N-212.314

Arkivsaknr.: 10/815

SAK 083/11 - ELEVBETALING IDRETTSSKULEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Elevbetalinga i idrettsskulen vert auka til kr 400 pr. skuleår gjeldande frå hausten 2012.

Finansiering

Er lagt inn i budsjettet for 2012

Heimel

§ 1 i Reglement for Masfjorden kommunestyre

FS-071/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Elevbetalinga i idrettsskulen vert auka til kr 400 pr. skuleår gjeldande frå hausten 2012.

Det skjedde i Formannskapet den 21.10.2011:

Rådgevar Alf Strand orienterte.

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

KS-083/11 VEDTAK :

Elevbetalinga i idrettsskulen vert auka til kr 400 pr. skuleår gjeldande frå hausten 2012.

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Saka vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	20.12.2010	Fleire mottakarar	Elevbetaling i idrettsskulen - melding om vedtak
3	U	08.02.2011	Foreldre	Innkalling til foreldremøte

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA/ VURDERING

Frå hausten 2010 har elevbetalinga i idrettsskulen vore kr 350 pr. elev pr. skuleår. Dette er eit rimeleg tilbod. Kvar elev i idrettsskulen får eit aktivitetstilbod i 2 skuletimar pr. veke, 76 timar pr. skuleår. Timeprisen vert såleis ganske låg. Lønsutgiftene i idrettsskulen aukar, og det nye opplegget for mellomsteget medfører òg auka utgifter til instruktørar og reiser.

KONKLUSJON

Elevbetalinga i idrettsskulen vert auka til kr 400 pr. elev pr. skuleår frå hausten 2012.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	21.10.2011	072/11	Alf Strand
Kommunestyret	25.10.2011	084/11	Alf Strand

Arkiv: N-113 - Kommunale avgifter, N-211

Arkivsaknr.: 10/816

SAK 084/11 - BARNEHAGESATSAR 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka til makspris frå 1. april 2012. Ein fulltids plass vil då kosta kr 2330 pr. månad.

Finansiering

Vert lagt inn i budsjettet

Heimel

§ 1 Reglement for Masfjorden kommunestyre

FS-072/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka til makspris frå 1. april 2012. Ein fulltids plass vil då kosta kr 2330 pr. månad.

Det skjedde i Formannskapet den 21.10.2011:

Rådgjevar Alf Strand orienterte. Utgangspunktet i budsjettet er 5 dagars plassar.

Det er ikkje gjort noko endring i høve det vedtaket som vart gjort om det berre skal vera 5 dagars tilbod.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes til at kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg.

KS-084/11 VEDTAK :

**Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka frå 1. april med 5 %.
Ein fulltids plass vil då kosta kr 2.095,- pr. måned.**

**Søskenmoderasjon er: For 2. barn 30 %
 For 3. barn 50 %**

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Saka vart drøfta grundig og mange var uroa over ein auke på over 16,5 %.

Kommunestyret ba om at i alle sakene som gjeld eigenbetalingssatsar at det må takast med i vedtaket kronesum og kor stor søskenmoderasjon det er i dei sakene det er aktuelt for.

Willy Borge (Frp) gjorde framlegg om å berre auka prisen med 3,5 % som er den generelle prisauken.

Det vart bede om gruppemøte før røysting.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte. Han sa at prisen på barnehagesatsane har vore uendra i mange år, samstundes som kostnadane har auka.
Dersom ein ikkje aukar satsane no vil det ha innverknad på heile budsjettet.
Kommunen legg i utgangspunktet opp til 5 dagars tilbod.

Rådgyvar Alf Strand gjorde merksam på at kommunestyret har gjort vedtak om at barnehagane i Masfjorden skal ha eit 5 dagars tilbod.

Møtet vart heva og det vart gruppeleiar møte.

Etter gruppeleiar møtet sette Willy Borge fram eit fellesframlegg på vegne av dei andre partia:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 5 % og budsjettet for oppvekstområdet vert justert i forhold til dette.

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	20.12.2010	Barnehagane	Barnehagesatsar 2011 - melding om politisk vedtak

SAKSUTGREIING

BAKGRUNN/ FAKTA/ VURDERING

Barnehagesatsane i Masfjorden vart auka med 5% frå 1. april 2011. Ein heildagsplass kostar no kr 1995 pr. mnd.

Staten finansierer ikkje lenger drift og etablering av nye barnehageplassar gjennom øyremerka tilskot. Tilskota til barnehagar ligg inne i rammetilskotet til kommunane frå og med 2011. I budsjettarbeidet legg me til grunn ei generell løns- og prisstigning på 3,5 %. Masfjorden kommune har dei seinare åra hatt ein visjon om at me skal ha full barnehagedekning og at satsane våre skal liggja under maksprisen.

Maksprisen er pr. i dag 2330 kr pr. mnd. I framlegget til statsbudsjett vert kommunane oppmoda om å vera om seg for å få inn dei inntekter som er mogeleg. Å auka barnehageprisen til kr 2330 pr. mnd vil gje barnehagane kr 290000 i auka inntekter. Kommunen sine utgifter til drift av barnehagar har auka mykje dei iste åra, og foreldrebetalinga utgjer no berre om lag 15 % av kostnadene. Rekneskapstala viser at drifta av barnehagane har stige frå 2,9 mill i 2007 til 4,7 mill i 2010.

KONKLUSJON

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka til makspris frå 1. april 2012. Ein fulltidsplass vil då kosta kr 2330 pr. månad.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	21.10.2011	074/11	Alf Strand
Kommunestyret	25.10.2011	085/11	Alf Strand

Arkiv: N-113, N-21

Arkivsaknr.: 09/726

SAK 085/11 - SFO SATSAR FOR 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

SFO-satsane vert auka med 3,5 % frå 1. april 2012.

Finansiering

Er innarbeidd i budsjettframlegget

Heimel

§ 1 Reglement for Masfjorden kommunestyre

FS-074/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

SFO-satsane vert auka med 3,5 % frå 1. april 2012.

Dei nye satsane er:

- Opptil 6 timar kr. 460,-
- Opptil 10 timar " 920,-
- Opptil 14 timar " 1.265,-
- 14 timar og over " 1.840,-

Det skjedde i Formannskapet den 21.10.2011:

Rådgjevar Alf Strand var tilstades under denne saka.

Saka vart drøfta.

Laila S. Reknes, Ap, sa at SFO satsane var kome høgt.

Ho sa at Ap kanskje kjem med endringsframlegg i kommunestyret.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

KS-085/11 VEDTAK:

SFO-satsane vert auka med 3,5 % frå 1. april 2012.

Dei nye satsane er:

- | | |
|-----------------------------------------------|-----------|
| • Opptil 6 timar er t.o.m. 5,9 t | kr. 460,- |
| • Opptil 10 timar er frå 6,0 t t.o.m. 9,9 t | ” 920,- |
| • Opptil 14 timar er frå 10,0 t t.o.m. 13,9 t | ” 1.265,- |
| • 14 timar og over | ” 1.840,- |

Søskenmoderasjon er: 30 % for andre barn
 50 % for tredje barn

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Liv Oda Dale, Ap, spurde om det vara syskenmoderasjon og at det i så fall måtte gå fram av vedtaket. Dale spurde og om definisjonen på opptil 6 timar og ba om at det og måtte takast med i vedtaket.

Rådgjever Alf Strand svara at det er syskenmoderasjon på SFO- satsane.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	04.01.2010	Skulane	SFO-satsar for 2010 - melding om vedtak
4	U	20.12.2010	Skulane	SFO-satsar 2011 - melding om politisk vedtak

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

SFO-satsane skal vedtakast av kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga kvart år. I kommunestyresak 100/10 vart SFO-satsane i Masfjorden fastsette slik for 2010:

Opptil 6 timar	kr 445
Opptil 10 timar	kr 890
Opptil 14 timar	kr 1225
14 timar og over	kr 1780

VURDERING

Det var auke i SFO-satsane med 3,5 % frå 2010 til 2011. I budsjettarbeidet i år er lagt til grunn ein prisauke på 3,5 %. Ein auke i SFO-satsane på 3,5 % er såleis på linje med den generelle prisstigninga.

KONKLUSJON

SFO-satsane vert auka med 3,5 % frå 1. april 2012.

Dei nye satsane er:

Opptil 6 timar	kr 460
Opptil 10 timar	kr 920
Opptil 14 timar	kr 1265
14 timar og over	kr 1840

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	21.10.2011	075/11	Frank Kvinge
Kommunestyret	25.10.2011	086/11	Frank Kvinge

Arkiv: N-113, N-215

Arkivsaknr.: 09/710

SAK 086/11 - ELEVBETALING FOR KULTURSKULEN I 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule vert auka frå kr. 1.800,- til kr. 2000,- pr. år med verknad frå 1. august 2012.
Søskenmoderasjon vert 33,3 % som i dag.
2. Sal av timar til lag vert uendra :
Born og ungdom kr. 250,- pr time
Vaksne lag ” 350,- pr time

Finansiering

Budsjett 2012

Utskrift vert sendt:

Heimesida og Masfjordingen
Alf Strand

5981 MASFJORDNES

5981 MASFJORDNES

KS-086/11 VEDTAK:

1. Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule vert auka frå kr. 1.800,- til kr. 2000,- pr. år med verknad frå 1. august 2012.

Søskenmoderasjon vert 33,3 % som i dag.
2. Sal av timar til lag vert uendra :
Born og ungdom kr. 250,- pr time
Vaksne lag ” 350,- pr time

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Liv Oda Dale (Ap) spurde om vaksne og var definert som elevar i kulturskulen?

Frank Kvinge svarte og sa at det er barn og unge som er elevar i kulturskulen
Kvinge sa at satsane har vore uendra sidan 2007.
Auken vil då utgjera ca 2,75 % i snitt på desse åra.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS-075/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule vert auka frå kr. 1.800,- til kr. 2000,- pr. år med verknad frå 1. august 2012.
Søskenmoderasjon vert 33,3 % som i dag.
2. Sal av timar til lag vert uendra :
Born og ungdom kr. 250,- pr time
Vaksne lag ” 350,- pr time

Det skjedde i Formannskapet den 21.10.2011:

Saka vart drøfta.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	04.01.2010	Fleire mottakarar	Elevbetaling i kulturskulen - melding om vedtak
3	I	10.03.2010	Frank Kvinge	Gjeld skrivefeil i kommunestyresak 89/09

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

I K-sak 118/07 vart elevbetaling sett til kr. 1.800,-.

I K-sak 89/09 vart satsane for sal av timar auka frå kr. 200,- til kr. 250,- for barn og ungdom, og frå kr. 250,- til kr. 350,- til vaksne lag.

Sidan har satsane stått uendra.

HØYRING

UTTALE

FAKTA

VURDERING

Satsane for elevbetaling har stått uendra sidan 2007. På bakgrunn av dette bør det no gjerast ei justering. Ei endring frå kr. 1800,- til kr. 2000,- utgjer ein prosentvis auke på kring 10%, og vil basert på noverande elevtal gje ein årleg inntektsvekst på kr. 35000.

Elevane i kulturskulen er gode ambassadørar for kommunen, og det er viktig å halda elevbetalinga på eit rimeleg nivå for å oppretthalda den store oppslutninga og sikra ei god rekruttering til tilboda i kulturskulen.

Ein tilrår at satsane for sal av timar til laga vert ståande uendra. Timesatsane vart auka kraftig i 2010, frå kr. 200,- til kr. 250,- for barn og ungdom, og frå kr. 250,- til kr. 350,- til vaksne lag.

Kor, korps og musikkgrupper i kommunen nyttar seg av ordninga. Ordninga er med på å skapa ryddige tilsetjingstilhøve for dirigentar og instruktørar. Samstundes nyt laga godt av ordninga gjennom at veldokumenterte utgifter til opplæring utløyser statlege midlar til drift. Ordninga inneber ei viss kommunal subsidiering av tenester til barne- og ungdomslag, og ei minimal subsidiering av tenester til vaksne lag.

Satsane er høge. Ei auke av satsane no vil innebera at ein nærmar seg smertegrensa for det laga har råd til, og at dei dermed ikkje lenger kan nytta seg av ei velfungerande ordning.

KONKLUSJON

1. Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule vert auka frå kr. 1.800,- til kr. 2000,- pr. år med verknad frå 1. august 2012.
Søskenmoderasjon vert 33,3 % som i dag.
2. Sal av timar til lag vert uendra :
Born og ungdom kr. 250,- pr time
Vaksne lag ” 350,- pr time

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	21.10.2011	073/11	Alf Strand
Kommunestyret	25.10.2011	087/11	Alf Strand

Arkiv: N-212.04

Arkivsaknr.: 11/634

SAK 087/11 - RAMMETIMETAL 2012-13

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1 Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2012-13 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2012 til 773 t/v.

2 Timane skal dekkja:

- a) Timar etter fag- og timebyteplan
- b) Delingstimar
- c) Kontaktlærartenesta
- d) Sosialpedagogiske tenester/rådgeving
- e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
- f) Spesialpedagogiske timar til vaksne

3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norskopplæring for framandspråklege.

4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.

6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

Finansiering

Innafor vedteke budsjett 2012

Heimel

Delegeringsreglementet kap IV, pkt. E 6

KS-087/11 VEDTAK:

1. Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2012-13 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2012 til 773 t/v.

2. Timane skal dekkja:

- a) Timar etter fag- og timebyteplan
- b) Delingstimar
- c) Kontaktlærartenesta
- d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving
- e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
- f) Spesialpedagogiske timar til vaksne

3. I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norskopplæring for framandspråklege.

4. Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5. Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.

6. Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Rådgjevar Alf Strand sa at elevtalet er på veg ned og det er to klassar mindre for inneverande år. Det er elevtalet som vert lagt til grunn for tildeling av rammetimar. Sjølv om elevtalet i Masfjordskulane går ned går ikkje rammetimetalet ned pga av at det er auke i timar til spesialundervisning.

Strand gjorde merksam på ein skrivefeil i ein tabell for tilleggsressursar.

Bjørn Egil Nordland (Ap) synt til at i fjor då rammetimetalet var handsama gjorde han merksam på at § 5 elevar ligg i tabellen på klassenivå. Trur at dette er konfidensielt og at kommunestyret ikkje har bruk for desse opplysningane. Dersom det skal vera med må det samlast på skulenivå og ikkje klassenivå.

Rådgjevar Alf Strand, sa at den oversikta som rektorane leverte inn ikkje var naudsynt å ta med og den er heller ikkje med. Det er rådmannen si oversikt som ligg sakspapira.

Konklusjonen vart at desse tabellane ikkje er naudsynt for kommunestyret og treng ikkje sendast ut ilag med sakspapira.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS-073/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2012-13 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2012 til 773 t/v.
2. Timane skal dekkja:
 - a) Timar etter fag- og timebyteplan
 - b) Delingstimar
 - c) Kontaktlærartenesta
 - d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving
 - e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
 - f) Spesialpedagogiske timar til vaksne
3. I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norskopplæring for framandspråklege.
4. Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.
5. Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetale.
6. Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

Det skjedde i Formannskapet den 21.10.2011:

Rådgjevar Alf Strand orienterte om saka. Det er elevtalet som vert lagt til grunn for tildeling av rammetimar. Sjølv om elevtalet i Masfjordskulane går ned går ikkje rammetimetalet ned pga av at det er auke i timar til spesialundervisning.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Spørsmålet om samanslåing av ungdomsskulen vart og lufta.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedtak rådmannen sitt framlegg.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Rammetimetalet har vore gjennomarbeidd av rektorane i samband med budsjettprosessen. Rektorane har sett opp framlegg til rammetimetal for eigen skule i samsvar med tildelt budsjetttramme. Rådmannen har deretter handsama rammetimetalet med vekt på å få til ei likeverdig tildeling mellom skulane. Oversyn over rektorane sine framlegg og rådmannen sin gjennomgang ligg ved. Lønsbudsjettet for kvar skule vil deretter bli sett opp med bakgrunn i vedteke rammetimetal.

HØYRING

Rektorane har hatt rådmannen sitt framlegg ute til høyring.

FAKTA/ VURDERING

Utviklinga av rammetimetal dei siste åra

Skuleår	Rammetimetal	Elevtal
2001-02	783,2	269
2002-03	785	260
2003-04	799	254
2004-05	750	243
2005-06	777,5	241
2006-07	796,5	234
2007-08	796,5	225
2008-09	790	223
2009-10	768	225
2010-11	770	221
2011-12	760	208
2012-13	773	198

Rådmannen legg i sitt framlegg opp til ein auke i rammetimetalet for skuleåret 2012-2013 på 13 timar til skulane i høve til det skuleåret me no er inne i. Heile auken kjem av at behovet for spesialundervisning stig med 34 timar. Det er altså ein nedgang i timetalet til vanleg undervisning på 21 timar som følgje av at elev- og klassetalet går ned.

Rådmannen prøver også komande skuleår å leggja opp til å bruka forholdsvis mange timar i småskulen. Dette er i samsvar med den vekt sentrale styresmakter legg på tidleg tiltak og auka lærartettleik i småskulen, og rådmannen finn det rett å prioritera desse årsstega.

Som det går fram av tabellen over, er me inne i ein periode med nedgang i elevtalet. Sandnes skule hadde nedgang for to år sidan, for andre året på rad får no Nordbygda minkande elevtal. Også Matre skule er no inne i ein periode med litt fallande elevtal. Skuleåret 2012-13 vil me for fyrste gong ha tre jamstore skular. Sjølv om elevtalet går ned, vil det ikkje gjera stort utslag på klassetalet, då det er grenser for kor mange elevar du kan ha i ein klasse der fleire enn to årskull går saman. Nordbygda skule får ein klasse mindre neste skuleår.

KONKLUSJON

Rådmannen vil fremja rammetimetalet for skuleåret 2012-13 for alle tre skulane slik det no ligg føre og innafør vedteke budsjett 2012.

1 Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2012-13 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2012 til 773 t/v.

2 Timane skal dekkja:

- a) Timar etter fag- og timebyteplan
- b) Delingstimar
- c) Kontaktlærartenesta
- d) Sosialpedagogiske tenester/rådgeving
- e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
- f) Spesialpedagogiske timar til vaksne

3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norskopplæring for framandspråklege.

4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.

6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	21.10.2011	070/11	Gerd Allis Håheim
Kommunestyret	25.10.2011	088/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-113	Arkivsaknr.: 11/666
--------------	---------------------

SAK 088/11 - EIGENBETALING PLEIE OG OMSORG FOR 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:

Grunnlag (1G = 79.216,-) Pr 1. mai 2011	Inntektsramme	Satsar pr/time	Pris pr mnd	Auke %
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 158.432		165,-	
2G - 3 G «	158.432 – 237.648	56,-	581,-	4
3 G - 4 G «	237.648 – 316.864	73,-	733,-	4
4 G - 5 G «	316.864 – 396.080	109,-	1092,-	4
over 5 G «	396.080 -----	145,-	1456,-	4

2. Satsar for kortidsopphald institusjon:

- kr. 129,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år.
- Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.
- For fast dagplass betalar ein kr. 68,-
- Fribeløpet vert sett til kr. 6.600,-.

3. Husleige i omsorgsbustader vert kr 5.102,- pr. mnd. (uendra frå 2011) (uendra frå 2009 og 2010. For 2011 var det ein auke på 3,5 %)

4. Matombringning/sal av mat:

- Kr. 57- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim
- Kr. 68- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim
- Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

(satsane er uendra frå 2010 og 2011)

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 250,- pr mnd for 2011. Fritak for minstepensjonistar.

KS-088/11 VEDTAK:**1. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:**

Grunnlag (1G = 79.216,-) Pr 1. mai 2011	Inntektsramme	Satsar pr/time	Pris pr mnd	Auke %
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 158.432		165,-	
2G - 3 G «	158.432 – 237.648	56,-	581,-	4
3 G - 4 G «	237.648 – 316.864	73,-	733,-	4
4 G - 5 G «	316.864 – 396.080	109,-	1092,-	4
over 5 G «	396.080 -----	145,-	1456,-	4

2. Satsar for kortidsopphald institusjon:

- kr. 129,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år.
- Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.
- For fast dagplass betalar ein kr. 68,-
- Fribeløpet vert sett til kr. 6.600,-.

3. Husleige i omsorgsbustader vert kr 5.102,- pr. mnd. (uendra frå 2011) (uendra frå 2009 og 2010. For 2011 var det ein auke på 3,5 %)**4. Matombringning/sal av mat:**

- Kr. 57- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim
- Kr. 68- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim
- Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

(satsane er uendra frå 2010 og 2011)

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 250,- pr mnd for 2011. Fritak for minstepensjonistar.**Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:**

Det vart stilt spørsmål om kva som låg bak utleigeprisane. Langhelle spurde om det var råd å få ei oversikt over dei reelle prisane og kva som ligg bak.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS-070/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:1. Eigenbetaling heimhjelp/praktisk hjelp i heimen:

Grunnlag (1G = 79.216,-) Pr 1. mai 2011	Inntektsramme	Satsar pr/time	Pris pr mnd	Auke %
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 158.432		165,-	
2G - 3 G «	158.432 – 237.648	56,-	581,-	4
3 G - 4 G «	237.648 – 316.864	73,-	733,-	4
4 G - 5 G «	316.864 – 396.080	109,-	1092,-	4
over 5 G «	396.080 -----	145,-	1456,-	4

2. Satsar for kortidsopphald institusjon:

- kr. 129,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år.
- Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.
- For fast dagplass betalar ein kr. 68,-
- Fribeløpet vert sett til kr. 6.600,-.

3. Husleige i omsorgsbustader vert kr 5.102,- pr. mnd. (uendra frå 2011)
(uendra frå 2009 og 2010. For 2011 var det ein auke på 3,5 %)4. Matombringning/sal av mat:

- Kr. 57- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim
- Kr. 68- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim
- Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

(satsane er uendra frå 2010 og 2011)

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 250,- pr mnd for 2011.
Fritak for minstepensjonistar.**Det skjedde i Formannskapet den 21.10.2011:**

Saka vart drøfta og då spesielt husleiga for omsorgsbustader kontra vanleg kommunale utleigebustader.

Formannskapet ba om at sak om husleige for alle kommunale utleigebustader vert eiga sak.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedtak rådmannen sitt framlegg.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	17.10.2011	Helse- og omsorgsdepartementet	Rundskriv I-1/2011 Endring av fribeløp og eigendelar for kommunale pleie og omsorgstenester

- Rundskriv I 1/2011 frå Helse- og omsorgsdepartementet

SAKSUTGREIING:

Satsane for eigenbetaling i pleie og omsorgstenestene skal vedtakast årleg i samband med budsjettvedtak. I pleie og omsorgstenestene er delar av eigenbetalingssatsane fastsett ved forskrift sentralt. Dette gjeld eigenbetaling for opphald i sjukeheim, betaling for medisin, transport osv.

Frå sentralt hald er det sett opp maksimalsatsar for heimetenester og kortidsopphald i sjukeheim. For 2011 var det ikkje lagt inn auke.

Heimetenester

Staten har fastsett at det ikkje er høve til å krevje eigenbetaling for heimesjukepleie. For heimhjelp/praktisk bistand i heimen er det sett maksimalsatsar etter inntektsnivå hjå brukaren/husstand.

Satsar for husleige i omsorgsbustader

Satsane for husleige i omsorgsbustadene er til vanleg justert årleg i samband med vurdering av pleie og omsorgstenestene. Tiltaket omsorgsbustader er formelt ein del av pleie og omsorgstenestene. Husleiga kan ikkje aukast fyrste året for dei som bur i omsorgsbustad/kommunal bustad. (jfr. husleigelova)

Eldrerådet har hatt husleige i omsorgsbustader på saklista fleire gonger og rår til at husleiga i omsorgsbustader ikkje vert auka.

Framlegg frå rådmannen:

Husleiga vert sett til kr. 5.102,-, som er det same som for 2011.

Satsar for kortidsopphald institusjon

Jfr. rundskriv I 1/2011 frå Helse- og omsorgsdepartementet vert eigendelen for kortidsopphald auka frå 125 (121) kr pr døgn til kr. 129 pr døgn. Vart ikkje auka hjå oss for 2011.

For dag- og nattopphald vert eigendelen føreslegen auka til kr. 68,- pr dag/natt. Fribeløpet før berekning vert sett til kr. 6.600,-.

Framlegg frå rådmannen:

Satsar for korttidsopphald vert auka til kr. 129,- pr døgn.

For fast dagplass vert satsen sett til kr. 68 pr dag/natt. (uendra frå 2010)

Fribeløpet før berekning vert sett til kr. 6.600.

Satsane for matombringning for år 2010

Kr. 57 - pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 68,- pr middag for stor porsjon

Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

Satsane har vore uendra i 2005, 2006, 2007 og 2008, men auka med kr. 5,- for 2009.

Satsane vart ikkje auka for 2010 og 2011.

Framlegg frå rådmannen:

Satsane for matombringning vert uendra for 2012.

TRYGGLEIKSALARM**Framlegg frå rådmannen:**

Tryggleiksalarm var i 2011 kr. 240.

Rådmannen gjer framlegg om ein auke på 3,5 % til kr. 250.

I budsjettet for 2008 vart det gjort vedtak om fritak for minstepensjonistar.

Rådmannen gjer framlegg om fritak for minstepensjonistar vert oppretthalde.

KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	21.10.2011	076/11	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	25.10.2011	089/11	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-113, N-57

Arkivsaknr.: 11/654

SAK 089/11 - GEBYRSATSAR RENOVASJON FOR MASFJORDEN KOMMUNE FOR 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyrersatsane for renovasjonstenesta i år 2012 følgjer av tabellen under:

RENOVASJON	2012		
	eks. mva	auke	inkl.mva
Årsavgift u/komp. 140 l. (*)	2 760,-	5,5 %	3 450,-
Årsavgift u/komp. 240 l. (*+320,-)	3 080,-	4,9 %	3 850,-
Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-320,-)	2 440,-	6,3 %	3 050,-
Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)	2 360,-	6,5 %	2 950,-
Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+320,-)	2 680,-	5,7 %	3 350,-
Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-320,-)	2 040,-	7,6 %	2 550,-
Årsavgift hytte/fritidsbustad (1/2)	1 380,-	2,1 %	1 725,-

Finansiering

Sjølvkostprinsippet

Heimel

Forureiningslova

KS-089/11 VEDTAK :

Gebysatsane for renovasjonstenesta i år 2012 følgjer av tabellen under:

	RENOVASJON		
	2011	2012	
	eks. mva	auke	inkl.mva
Årsavgift u/komp. 140 l. (*)	2 760,-	5,5 %	3 450,-
Årsavgift u/komp. 240 l. (*+320,-)	3 080,-	4,9 %	3 850,-
Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-320,-)	2 440,-	6,3 %	3 050,-
Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)	2 360,-	6,5 %	2 950,-
Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+320,-)	2 680,-	5,7 %	3 350,-
Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-320,-)	2 040,-	7,6 %	2 550,-
Årsavgift hytte/fritidsbustad (1/2)	1 380,-	2,1 %	1 725,-

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Ordfører Håkon Matre orienterte frå formannskapet den 21.10.2011 der det vart drøfta ordninga med spesialavfall som er blitt tatt vekk. Det er ynskje om å få denne ordninga oppatt å gå. Tidlegare sto det ein container plassert rundt omkring der ein kunne levera spesialavfall.

Willy Borge, ba representanten for NGIR å ta med seg til representantskapet spørsmål om kvifor dei satsane som aukar mest som er dei som går på heimekompostering osv.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS-076/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Gebyratsane for renovasjonstenesta i år 2012 følgjer av tabellen under:

RENOVASJON	2012		
	eks. mva	auke	inkl.mva
Årsavgift u/komp. 140 l. (*)	2 760,-	5,5 %	3 450,-
Årsavgift u/komp. 240 l. (*+320,-)	3 080,-	4,9 %	3 850,-
Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-320,-)	2 440,-	6,3 %	3 050,-
Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)	2 360,-	6,5 %	2 950,-
Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+320,-)	2 680,-	5,7 %	3 350,-
Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-320,-)	2 040,-	7,6 %	2 550,-
Årsavgift hytte/fritidsbustad (1/2)	1 380,-	2,1 %	1 725,-

Det skjedde i Formannskapet den 21.10.2011:

Saka vart drøfta.

Ordninga med spesialavfall vart drøfta. Det kom synspunkt på at denne ordninga måtte ein få oppatt å gå.

Tidlegare sto det ein container plassert rundt omkring der ein kunne levera spesialavfall.

Laila S. Reknes som er med i representantskapet i NGIR tek denne oppfordringa med seg dit.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

SAKSTILFANG:

Vedtak frå representantskapet i NGIR den 25.10.2011

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune vedtak i k-sak 0064/03 og i k-sak 0132/03 og overføre alle oppgaver som har med renovasjon å gjere til NGIR. Kommunen fastset framleis renovasjonsgebyra for abonnentane i Masfjorden kommune kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

FAKTA

Dei kommunale avgiftene vart sist regulert 01.01.2011 etter vedtak i kommunestyret den 09.12.2010 som sak 104/10.

VURDERING

Vedtak frå representantskapet i NGIR den 10.10.2011 gjer framlegg om ei auke på om lag 5,5 % frå gebyra i fjor.

Dette er grunngeve slik: Det er forventa auke i transportindeksen som vert nytta i storparten av kontraktane. Auke i avfallsmengde gjev direkte utslag i kostnader for avfall ut frå NGIR sitt anlegg sidan om lag alle transportavtaler er bunden opp med tonnprisar. Ut i frå dei indeksar som ligg til grunn i dei ulike kontraktane er det forventa at kostnaden pr tonn aukar vel 5 %.

Utjammingsfondet skal nyttast innan 3-5år og ein legg opp til å nytte nær halvparten av fondet for at gebyrutviklinga skal verte rimeleg jamn i åra framover. Utjammingsfondet er venta redusert frå 3 498 000 per 01.01.2011 til kr 1 812 000 ved utgangen av budsjettåret.

Utjammingsfondet vil vere oppbrukt i 2014 ved ein relativ jamn gebyrauke på 5 - 5,5 %.

NGIR har foreslått ein gebyrauke på basisgebyret på 5,5 %. Dei andre gebyra føl dette basisgebyret med faste kronebeløp i fråtrekk eller i tillegg slik at %-auken vert ulik frå gebyr til gebyr.

Renovasjonsgebyra er sett opp i tabellen under saman med renovasjonsgebyra for Masfjorden kommune dei siste åra.

Avgift	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Renovasjon						
Årsavgift u/komp. 140 l. (*)	1 996,80	2 076,-	2 292,-	2 492,-	2 616,-	2 760,-
Årsavgift u/komp. 240 l. (*+320,-)	2 196,80	2 276,-	2 492,-	2 692,-	2 936,-	3 080,-
Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-320,-)	1 796,80	1 876,-	2 092,-	2 292,-	2 296,-	2 440,-
Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)	1 596,80	1 676,-	1 892,-	2 092,-	2 216,-	2 360,-
Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+320,-)	1 796,80	1 876,-	2 092,-	2 292,-	2 536,-	2 680,-
Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-320,-)	1 396,80	1 476,-	1 692,-	1 892,-	1 896,-	2 040,-
Årsavgift hytte/fritidsbustad	982,00	998,40	1 146,-	1 246,-	1 308,-	1 380,-

KONKLUSJON

Masfjorden kommunen følger auken i renovasjonsgebyra vedteken av representantskapet i NGIR og aukar renovasjonsgebyret med om lag 5,5 %.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	21.10.2011	077/11	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	25.10.2011	090/11	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-113	Arkivsaknr.: 11/655
--------------	---------------------

SAK 090/11 - KOMMUNALE AVGIFTER FOR 2012 - VATN, AVLAUP, SLAM OG FEIING + LANDBRUKSSAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyransatsar (eks mva) for vatn, avlaup, slamtømming, feiing og oppgaver knytt til landbrukskontoret for år 2012 følger av tabellen under:

Avgift	2012	Auke
Vassavgift		
Årsavgift	4 600	2,2 %
Årsavgift for hytter	4 000	3,9 %
Tilknytingsavgift	16 400	2,5 %
Sakshandsamingsgebyr pbl	4 500	
Fastpris vassmålar	1 840	2,2 %
Vatn inn pris pr m ³	12,40	1,6 %
Avlaup		
Årsavgift	2 700	3,8 %
Tilknytingsavgift	16 400	2,5 %
Vatn ut pris pr m ³	12,40	1,6 %
Slamtømming		
Slamtømming	890	0,0 %
Feiing		
Feiing	340	3,0 %
Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret		
Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker		
• kontorarbeid	570	5,6 %
• feltarbeid	760	7,0 %

Finansiering

Sjølvkostprinsippet

Heimel

KS-090/11 VEDTAK :

Gebyransatsar (eks mva) for vatn, avlaup, slamtømming, feiing og oppgåver knytt til landbrukskontoret for år 2012 følgjer av tabellen under:

Avgift	2012	Auke
Vassavgift		
Årsavgift	4 600	2,2 %
Årsavgift for hytter	4 000	3,9 %
Tilknytingsavgift	16 400	2,5 %
Sakshandsamingsgebyr pbl	4 500	5 %
Fastpris vassmålar	1 840	2,2 %
Vatn inn pris pr m ³	12,40	1,6 %
Avlaup		
Årsavgift	2 700	3,8 %
Tilknytingsavgift	16 400	2,5 %
Vatn ut pris pr m ³	12,40	1,6 %
Slamtømming		
Slamtømming	890	0,0 %
Feiing		
Feiing	340	3,0 %
Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret		
Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker		
• kontorarbeid	560	4 %
• feltarbeid	740	4 %

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Willy Borge sa at det var flott å sjå at det berre er ”normal auke” på satsane.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS-077/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Gebyrstatsar (eks mva) for vatn, avlaup, slamtømming, feiing og oppgåver knytt til landbrukskontoret for år 2012 følgjer av tabellen under:

Avgift	2012	Auke
Vassavgift		
Årsavgift	4 600	2,2 %
Årsavgift for hytter	4 000	3,9 %
Tilknytingsavgift	16 400	2,5 %
Sakshandsamingsgebyr pbl	4 500	5 %
Vert vedteke i gebyrregulativet		
Fastpris vassmålar	1 840	2,2 %
Vatn inn pris pr m ³	12,40	1,6 %
Avlaup		
Årsavgift	2 700	3,8 %
Tilknytingsavgift	16 400	2,5 %
Vatn ut pris pr m ³	12,40	1,6 %
Slamtømming		
Slamtømming	890	0,0 %
Feiing		
Feiing	340	3,0 %
Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret		
Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker – vert vedteke i gebyrregulativet		
• kontorarbeid	560	4 %
• feltarbeid	740	4 %

Det skjedde i Formannskapet den 21.10.2011:

Rådgjever Anne Kristin Rafoss orienterte. Ho gjorde merksam på at satsane for sakshandsamingsgebyr og eigenbetaling knytt til landbrukskontor: Feltarbeid og kontorarbeid, vert vedteke i gebyrregulativet. Satsane er feil i denne tabellen og må rettast til:

- Kontorarbeid skal vera kr. 560,-
- Feltarbeid skal vera kr. 740,-

Satsane blir teke med i denne oppstilling pga av at det har vore ynskje om det tidlegare og for å få heilheita og å hugsa på det.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

SAKSTILFANG:

Budsjettsaka

Sjølvkostrekneskapen

Vedtak frå representantskapet i NGIR den 25.10.2010

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Dei kommunale avgiftene vert juster ein gong i året basert på sjølvkostrekneskapen og kontrollen med denne.

VURDERING

Vassavgifta

	År	Underskot	Dekningsgrad
Sjølvkostrekneskapen for 2010 slår fast at tenesta gjekk med kr 1 121 586 i underskot.	2006	- 1 619 542	42 %
Kostrarapporteringa syner ein at dekningsgraden er 61 %. Rådmannen ser at det ikkje er rimeleg å legge sjølvkostprinsippet åleine til grunn for fastsetting av vassavgift, men meiner at dekningsgrad mellom 50 og 60 %	2007	- 1 561 128	49 %
	2008	- 1 721 540	ca 45 %
	2009	-1 255 221	54 %
	2010	- 1 121 586	61 %

bør vere eit minstemål. Kommunen må med ein slik dekningsgrad rekne med å subsidierer denne avgifta i åra framover.

Kommune kom for år 2009 for første gong over 50 % dekningsgrad og denne trenden fortsette for år 2010 med ein dekningsgrad over 60 %. Rådmannen er usikker på om denne trenden vil gjelde for 2011 og sidan noko arbeid som vart utført i 2010 vart betalt i 2011. (blant anna Skolten høgdebasseng). Rådmannen har dessutan sett i gang arbeid med opprusting av Matre vassverk og det har kome ein kommunal eigenandel knytt til dette i 2011, men hovudtyngda av den kommunale delen vil kome i 2012. Ein har og betalt ut anleggsbidrag for leidningsanlegget for Einestrاند bustadfelt i 2011. Rådmannen ser og at ein må starte arbeidet med å utvide kapasiteten for Masfjorden vassverk for å kunne tilby vatn til fleire abonnentar som ønskjer å knyte seg til. Rådmannen meiner difor at kostnadane for tenesta vil auke betydeleg dei neste åra.

Kostnadane til tenesta har dei siste åra stort sett vore fordelt mellom løn, utstyr og kapital – der kapitalkostnadane har auka meir enn den generelle prisauken. Dette er grunna i at kommunen har investert mykje i å legge fram vatn til nye abonnentar i nye byggefelt. Dette har skapt ein forventning til at kommunen skal forsette med dette dei neste åra og, noko som vil auke kapitalkostnadane endå meir.

Den generelle prisauken siste året (sept 2010 – sept 2011) er på ca 1,6 %. Med ei auke i vassavgifta knytt til den generelle prisauken, vil ein sannsynlegvis klare å halde seg på dekningsgrad i overkant av 50 %. Rådmannen meiner difor at vassavgifta bør auke med ca 2 % for å sikre ein dekningsgrad i overkant av 50 % og neste år.

Rådmannen rår til at ein aukar standardavgifta som gjeld vatn til kr 4 600. Dette gjev ei auke i avgifta på 2,2 %

Vassavgift for hytter vart fastsett for første gang i 2004 og sett til kr 2 500 etter framlegg i kommunestyret. **Rådmannen rår til at ein aukar vassavgifta for hytter med 150 kr til kr 4 000,-. Dette gjev ei auke på 3,9 %.**

Frå og med år 2005 gjekk ein bort frå omgrepet "leige av vassmålar" og over til **fastpris vassmålar**. Fastpris for vassmålar vart sett til ca 40 % av standardavgifta. Slik sikrar ein at dei som betaler vassavgift etter forbruk betaler "sin del" av dei faste kostnadene (bl.a. kapitalkostnadane) i tillegg til "sin del" av reine produksjonskostnader. Rekna ut frå framlegg til ny standardavgift og avrunda til næraste 10 kr, vil dette gje ei fastavgift på kr 1 840,-.

Pris pr. m³ er rekna ut frå gjennomsnitt forbruk (oppgjeve i litteraturen) på 0,6 m³ pr døgn. **Rådmannen rår til at ein set fastavgift til kr 1 840,- og pris pr. m³ på kr. 12,40.**

Tilknytingsavgiftene for hus var uendra frå 1999 til 2005, mens tilknytingsavgifta for hytter vart auka opp i 2004 til nivå med avgifta for hus. I denne perioden la ein og til sakshandsamingsgebyret etter plan- og bygningslova. Tilknytingsavgifta vart auka til 13 000 for år 2006 + sakshandsamingsgebyret og halde uendra for år 2007, 2008 og 2009. Avgiftene er oppgitt eks mva, mens byggesaksgebyra er ein teneste som pr i dag ikkje er momsbelagt.

I år 2010 var det 10 år sidan Masfjorden vassverk vart sett i drift og rådmannen trur at alle einskild abonnentar langs trasen som var interessert i å kople seg til vassverket no har gjort det. Tilknytingsavgifta vart difor auka til kr 15 000 for år 2010 og til kr 16 000 for år 2011. For åra framover meiner rådmannen at ein må sjå for seg ei generell auke i tilknytingsavgifta òg som er i samsvar med auken i vassavgifta. Rådmannen rår difor til at ein aukar tilknytingsavgifta for vatn til kr 16 400 noko som gjev ei auke på 2,5 %.

Rådmannen har forslått ei auke i sakshandsamingsgebyr slik at det i rekneskapen vert ført kr. 16 400 på teneste for vatn og 4 500 for teneste for plan- og byggjesaker. (Gjeld saker der det berre vert søkt om tilknytning til kommunalt vatn. I saker der det vert søkt om tilknytning i samband med byggeløyve for bustadhus eller hytte, vert det berre sakshandsamingsgebyr på byggeløyvet. Etter ny plan- og bygningslov er søknad om tilkopling av vatn flytta frå kategori meldesak til tiltak som krev kvalifisert og godkjent ansvarshavande. Det er grunnen til den store auken i sakshandsamingsgebyret frå 2010.)

Avlaup

Sjølvkostrekneskapen for 2010 viser eit framførbart fondsunderskot den 31.12.2010 med kr. 516 756. Årsunderskotet var på kr. 6 135 som er nært sjølvkost.

Rådmannen rår til at ein aukar avgifta for avlaup frå hus og hytter til kr 2 700. Dette gjev ei auke på 3,8 %. Innbyggjarar som har både vass- og avlaupsavgift vil då oppleve ein samla auke for desse to basisgebyra på 2,8 %

Tilknytingsavgiftene for hus og hytte vart slått saman i 2004, slik at ein berre har ei avgift for tilknytning til avløp. Denne avgifta er no lik tilknytingsavgifta for vatn. **Rådmannen rår til at ein held tilknytingsavgifta for avløp lik tilknytingsavgifta for vatn.** Sakshandsamingsgebyr etter plan- og bygningslova kjem i tillegg og er avhengig av storleik på avløpet.

Slamtømming

Avgifta for slamtømming auka i 2009 for første gong på fleire år. Tenesta for slamtømming er rekna med i sjølvkostrekneskapen for avlaup.

NGIR vedtok – for år 2012 – å halde gebyr septikslam private uendra på kr 747. for andre år på rad

Kommunen sitt sjølvkostrekneskap for 2010 viser eit moderat underskot for tenesta avlaup. Kostnadane i denne rekneskapen er i all hovudsak knytt til avlaupsdelen og ikkje slamtømminga.

Rådmannen rår difor til at avgifta for slamtømming vert halden uendra frå 2010.

Feiing

Kommunane Masfjorden, Modalen, Gulen og Solund samarbeider om feietenesta. Ein har blant anna leasa eigen feiebil og investert i dataprogram for føring av all feiing og tilsyn. Masfjorden kommune overtok i 2008 administrasjonen av feietenesta. Sjølvkostrekneskapen viser eit framførbart underskot den 31.12.2010 med kr. 380 471, og årsunderskotet var på kr 60 292.

Rådmannen rår til at avgifta for feiing vert auka til kr 340. Dette gjev ei auke på 3,0 %.

Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker

Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing føl timeprisane i gebyrregulativet for saker handsama etter plan- og bygningslova.

Dei kommunale avgiftene frå 2006 fram til og med framlegg til avgiftsnivå for 2012 samt % auke frå år 2011 til 2012, er summert opp i tabellen nedafor:

Avgift	2006	2007	2009	2010	2011	2012	Auke
Vassavgift							
Årsavgift	3 430	3 520	3 820	4 200	4 500	4 600	2,2 %
Årsavgift for hytter	2 800	2 900	3 170	3 550	3 850	4 000	3,9 %
Tilknytingsavgift	15 600*	13 000	13 000	15 000	16 000	16 400	2,5 %
Sakshandsamingsgebyr pbl		2 600	3 000	3 300	4 300	4 500	
Fastpris vassmålar	1 370	1 410	1 530	1 680	1 800	1 840	2,2 %
Vatn inn pris pr m ³	9,40	9,60	10,45	11,50	12,20	12,40	1,6 %
Avlaup							
Årsavgift	2 202	2 270	2 470	2 470	2 600	2 70	3,8 %
Tilknytingsavgift	13 000	13 000	13 000	15 000	16 000	16 400	2,5 %
Vatn ut pris pr m ³	9,40	9,60	10,45	11,50	12,20	12,40	1,9 %
Slamtømming							
Slamtømming	693	693	790	870	890	900	1,1 %
Feiing							
Feiing	270	270	295	315	330	340	3,0 %
Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret							
Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker							
• kontorarbeid	450	460	490	510	540	540	5,9 %
• feltarbeid	500	530	660	680	710	710	4,4 %

* inkludert sakshandsamingsgebyr

KONKLUSJON

Sjå vurdering og framlegg til vedtak

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	21.10.2011	078/11	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	25.10.2011	091/11	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-113

Arkivsaknr.: 11/665

SAK 091/11 - GEBYRREGULATIV FOR TEKNISK SEKTOR FOR ÅR 2012 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2012 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Finansiering

Ingen kostnader utover sjølvkostprinsippet

Heimel

Går fram av framsida på gebyrregulativet

FS-078/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2012 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Det skjedde i Formannskapet den 21.10.2011:

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss orienterte om gebyrregulativet der Masfjorden ligg rimeleg likt med 85 % av gjennomsnittet for kommunane i regionen. For ein del av gebyra har Masfjorden kommune dei siste åra nærmar seg gjennomsnittet for kommunane i regionen.

Kap D 1 Oppmåling er det området der det er mest skeivt i høve sjølvkostrekneskapen med nesten ein mill. i underskot.

Sjølvkostrekneskap er pålagt på oppmåling og byggesak, men ikkje på plan.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

KS-091/11 VEDTAK:

Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2012 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Ordfører Håkon Matre orienterte om gebyrregulativet.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune ligg rimeleg likt med 85 % av gjennomsnittet for kommunane i regionen for dei fleste av gebyra i regulativet. For ein del av gebyra har Masfjorden kommune dei siste åra nærmar seg gjennomsnittet for kommunane i regionen. Gebyra vert juster kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

FAKTA

Gebyrregulativet vart sist revidert i K-sak 106/10 den 09.12.2010.

Tenesta for byggesak har i sjølvkostrekneskapen eit framførbart fondsunderskot pr 31.12.2010 på kr 589 248, der underskotet for år 2010 var kr 3 964.

Tenesta for oppmåling har i sjølvkostrekneskapen eit framførbart fondsunderskot pr 31.12.2010 på kr 2 257 253, der underskotet for år 2010 var kr 945 203.

For tenesta plan er det ikkje utarbeidd sjølvkostrekneskap for 2010.

VURDERING

I reknearket der gebyra for kommunane i regionen er samanlikna, har ein rekna ut gjennomsnittsgebyret for dei kommunane som har vedtatt gebyr for den einskilde tenesta. Rådmannen har i mange år, nytta 85 % av dette gjennomsnittsgebyret som utgangspunkt for sitt framlegg til dei fleste gebyra for året etter.

Grunngjevinga for å nytte 85 % av gjennomsnittsgebyret som utgangspunkt er å stimulerer til aktivitet og vekst blant Masfjorden kommune sine innbyggjarar. Gebyr i regulativet som særleg vedkjem den einskilde innbyggjar er oppmålingsgebyr og byggesaksgebyr. Rådmannen rår difor til at ein framleis nyttar 85 % av gjennomsnittet for dei andre kommunen (for året før) som utgangspunkt for kommunen sine gebyr på desse områda.

Fedje kommune vedtok gebyrregulativet for første gong i 2011 og dei fleste av deira gebyr er relativt låge. Dette gjer at 85 % snittet ikkje har auka så mykje frå i fjor som det har vore vanleg dei siste åra

Når det gjeld plangebyra har kommunen dei siste åra tatt alle kostnadane sjølv med utarbeiding av reguleringsplan for nye bustadfelt. Dette er rådmannen innstilt på å forsette å gjere. Det vert berre sendt ut gebyr i plansaker for hyttefelt. Rådmannen foreslo difor at ein frå i fjor gjekk bort frå 85 % "regelen" for desse gebyra og i staden nytta snittet for dei andre kommunane (for året før) som utgangspunkt for kommunen sine gebyr for 2011. Dette vart vedteke i kommunestyret. Rådmannen rår til at dette vert vidareført og for 2012 og vil då gje ei auke på 4 % på det plangebyret kommunen nyttar mest.

Gebyr for ulovleg bygging bør ikkje vere mindre i Masfjorden kommune enn i kommunane rundt oss. Det kan sende uheldige signal om at kommunen ikkje tar ulovleg bygging særleg alvorleg. Rådmannen foreslo difor at ein frå i fjor gjekk bort frå 85 % "regelen" for desse gebyra og i staden nytta snittet for dei andre kommunane (for året før) som utgangspunkt for kommunen sine gebyr for 2011. Dette vart vedteke i kommunestyret. Rådmannen rår til at dette vert vidareført og for 2012 og vil då gje ei auke mellom 3-5 % på gebyra for påpeiking og oppfølging av ulovleg byggearbeid.

Utover det som er kommunetert over der det gjort nokre redaksjonelle endringar.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at gebyrregulativ for teknisk sektor i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.10.2011	064/11	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	25.10.2011	092/11	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-022

Arkivsaknr.: 11/620

SAK 092/11 - REGLEMENT FOR FOLKEVALDE 2011 - 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Finansiering

Heimel

FS-064/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Formannskapet har gått gjennom alle reglementa for folkevalde og tek desse til orientering slik dei ligg føre utan endringsframlegg.

Det skjedde i Formannskapet den 18.10.2011:

Vigdis Søvik spurde om ikkje delegeringsreglementet skulle vore handsama samstundes med dei andre reglementa.

Ordførar Håkon Matre svara at det hadde vore praktisk, men saka har ikkje vorte gjort klar til dette møtet. Delegeringsreglementet vil bli handsama av det nye kommunestyret seinare i haust.

Søvik synte til vedlagt Reglement for folkevalde sin rett til innsyn og synte til ei konkret sak der ho i kommunestyret ba om innsyn i eit dokument, men ikkje fekk det.

Ordførar Håkon Matre svara at det kan koma saker der administrasjonen kan halda dokument tilbake i ein viss periode pga av tredje part der det er lova at dokumentet skal verta handsama konfidensielt.

Ordførar Håkon Matre gjekk no gjennom alle reglementa for folkevalde. Formannskapet fekk høve til å stilla spørsmål og koma med eventuelle endringsframlegg undervegs.

Reglement for Masfjorden kommunestyre:**Drøfting/endringsframlegg:**

- Formannskapet ba om at det vart utgreidd å oppretta eit nytt ”planutval/teknisk utval” som ikkje var personidentisk med formannskapet.
Dette vart grunngeve med meir fagkunnskap om sakene og ei breiare politisk behandling som og ville kunna gje meir politisk engasjement.
- Det vart teke opp at ein burde få Ungdomsrådet oppatt å gå, då dette er viktig for å få ungdom til å engasjera seg i politikk.
- Det vart stilt spørsmål om Brukarutvalet og om det fungerte. Laila S. Reknes som er leiar i utvalet sa at det hadde vore 2 møte i perioden.
Det var semje om at sjølv om det har vore få saker er det behov for utvalet.
- d) Rekkefylgje/tidsbruk ved spørsmål/interpellasjonar – ingen endring.
Det var semje om at spørsmål/interpellasjonar vart teke tidleg i møtet.

§ 21 Protokollføring og kva som skal førast i møteboka.

- I oppstillinga over kva som skal førast i møteboka står det blant anna:
”For kvar sak dei framlegg som vert reist i møtet”. *Her kan det tilføyast at framlegga skal underskrivast med namn og parti på forslagsstillar.*
- ”Kva vedtak som er gjort og kva røystingar som vert haldne”.
Her kan ein tilføya kva parti og kor mange som røysta for og mot.

Reglement for Masfjorden formannskap og dei politiske utvala:

Ingen endringsframlegg utanom utgreiing av eit nytt ”planutval/teknisk” utval.

Justering i oppsettet:

Pkt b: Val – samansetjing – her må tal medlemmer i utvala takast med.

Reglement for folkevalde sin rett til innsyn:

Ingen endringsframlegg.

Reglement for godtgjering til folkevalde:

Formannskapet ba administrasjonen sjekke ut kva som er satsane i andre kommunar og korleis Masfjorden ligg i høve til det.

Rådmannen har lagt inn framlegg på auka satsar for møtegodtgjersle.

Ingen endringsframlegg i høve rådmannen sitt framlegg.

Tapt arbeidsforteneste:

Formannskapet drøfta dette sidan det har vore uklart korleis ein skal praktisera det som står under dette kapitlet, spesielt under ulegitimert tapt arbeidsforteneste.

Drøftinga gjekk spesielt på krav til dokumentasjon.

Det kom ingen endringsframlegg i høve rådmannen sitt framlegg.

Etiske retningslinjer:

Ingen endringsframlegg.

KS-092/11 VEDTAK :

Kommunestyret har gått gjennom alle reglementa for folkevalde og tek dei til orientering og har fylgjande tilråding til det nye kommunestyret:

- **Administrasjonen vert beden om å utgreia eit nytt ”planutval/teknisk utval” som ikkje er personidentisk med formannskapet. Det bør og utgreiast å ta Utval for vilt og fisk inn i eit ev. nytt utval.
Dette vart grunngjeve med meir fagkunnskap om sakene og ei breiare politisk behandling som og ville kunna gje meir politisk engasjement.**
 - **§ 20 i Reglement for kommunestyret:
Sendenemnder (deputasjonar) mottaksnemnd.
Utsendingar må melda frå om dette seinast tre dagar på førehand. (1 dg i noverande reglement.**
 - **Reglement for godtgjering til folkevalde:
Auke i møtegodtgjering og godtgjering til varaordførar og formannschaftsmedlemmer.**
 - **Folkevalde som er studentar, deltidstilsette, personar med omsorgsansvar eller heimeverande som pga møte må setja til side sine daglege gjeremål, kan etter søknad bli kompensert med inntil kr. 900 pr møte.
For møte som byrjar etter kl. 14.00 vert det halv tapt arbeidsforteneste.
For møte som byrjar etter kl. 16.00 vert det ikkje utbetalt tapt arbeidsforteneste.**
- Formannschaftsmedlemmer får kr. 500,- i møtegodtgjering for kommunestyremøte i tillegg til den faste godtgjeringa sjølv om det er to møte same dagen.**

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø orienterte om reglementa for folkevalde og dei endringsframlegga som rådmannen har gjort framlegg om.

Midtbø sa at tanken no er å samla alle reglementa i eit dokument slik at dei skal vera lettare tilgjengeleg.

Delegeringsreglementet må vera i eit eige dokument då dette vil vera meir praktisk i det daglege arbeidet.

Det er små endringar som er gjort framlegg om. Nokre av endringane er kosmetiske.

- Eit av framlegga er å leggja ned Fast utval for plansaker sidan det er personidentisk med formannskapet.
- Reglement for godtgjering til folkevalde:

Her har rådmannen gjort framlegg om nokre justeringar på møtegodtgjersle og i godtgjersla til formannskap og varaordførar. Ordførargodtgjersla kjem som eiga sak i dette møtet.

Saka vart drøfta.

Ordfører Håkon Matre gjorde no framlegg om å gå gjennom alle reglementa slik at kommunestyret kunne koma med eventuelle endringsframlegg undervegs.

Reglement for kommunestyret:

Det vart teke opp om interpellasjonar skulle handsamast tidleg i møtet.

Kommunestyret vart samde om at interpellasjonar som har kome inn i høve frist som er sett skal handsamast tidleg i møtet slik som det står i reglementet no.

Skriv og meldingar vert handsama tilslutt i møtet.

- § 20 Sendenemnder (deputasjonar) mottaksnemnd.
Nytt framlegg: Utsendingar må melda frå om dette **seinast tre dagar på førehand.** (1 dg i noverande reglement.
- Ny utvalsstruktur må vurderast i lys av at framlegget om at FUP skal leggest ned.

Kor mange som skal sitja i eit nytt utval må og vurderast. Det bør vera folk som sit i kommunestyret som er med i eit slikt utval. Det er viktig å få personar med fagkompetanse inn i eit slikt utval.

Det nye kommunestyret må vurderer eit nytt utval der også Utval for vilt og fisk er med.

- **Brukarutval**
Leila T. Andvik som er leiar for barnevernstenesta sa at ho har ikkje brukt brukarutvalet pga av teieplikta. Dersom me framleis skal ein ha eit brukarutval må det vera folk som sit i kommunestyret.

Reglement for godtgjering til folkevalde:

Her har formannskapet tilrådd auke møtegodtgjersle til kr. 500,- (høg sats) og kr. 400,- (låg sats)

Godtgjersle ordfører kjem som eiga sak i dette møtet.

Godtgjersle til varaordfører vert sett til 4 % av ordfører si løn.

Medlemmene i formannskapet får ei fast årleg godtgjering på 3 % av ordfører si løn.

Elles mindre endringar.

Frank Kvinge, KrF, sette fram slikt framlegg til C 2:

Folkevalde som er studentar, deltidstilsette, personar med omsorgsansvar eller heimeverande som pga møte må setja til side sine daglege gjeremål, kan etter søknad bli kompensert med inntil kr. 900 pr møte.

For møte som byrjar etter kl. 14.00 vert det halv tapt arbeidsforteneste.

For møte som byrjar etter kl. 16.00 vert det ikkje utbetalt tapt arbeidsforteneste.

Frode Langhelle synte til pkt 6 i Etske retningslinjer og ba administrasjonen sjå på formuleringa her i dette avsnittet.

Kommunestyret tilrår samrøystes det nye kommunestyrt å vedta Reglement for folkevalde med dei endringar som ligg føre.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
6	I	26.09.2011	KS	Økonomiske vilkår for folkevalde 2011 - 2015
1	U	02.10.2011	Politikarar	Reglement for Masfjorden kommunestyre
2	U	02.10.2011	Kommunestyremedlemer og utvalsmedlemer	Reglement for formannskapet og dei politiske utvala
3	U	02.10.2011	Dei folkevalde	Reglement for folkevalde sin rett til innsyn
7	U	03.10.2011	Politiske parti i Masfjorden	Uttale- Reglement for folkevalde 2011-2015

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommunestyre vedtok reglementa for folkevalde ved starten av valperioden, i kommunestyremøte 25.10.2007. Ved slutten av kvar valperiode skal kommunestyret ha reglementa oppatt til vurdering og handsaming, slik at erfaringane kommunestyret har med gjeldande reglement kan vera grunnlag for endringar. Innstillinga frå noverande kommunestyre vert så lagt fram for det nye kommunestyret til endeleg handsaming.

Denne saka omfattar følgjande reglement:

Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Masfjorden kommune
Reglement for Masfjorden kommunestyre
Reglement for formannskapet og dei politiske utvala
Reglement for folkevalde sin rett til innsyn
Reglement for godtgjering til folkevalde

HØYRING/UTTALE

Gjeldande reglement er sendt ut til dei politiske partia slik at dei kan koma med innspel til sine representantar før saka skal opp i det siste kommunestyremøtet i dette kommunestyret.

FAKTA

Det har kome få merknader til reglementa i perioden, og det ligg ikkje føre endringsframlegg frå politikarane.

VURDERING

Det er kommunestyret sjølv som skal avgjera korleis ein ynskjer å utforma desse reglementa, og rådmannen har ved tidlegare revisjonar vore sekretær for politiske grupper som har kome med framlegg til kommunestyret. Det ligg ikkje føre politiske initiativ til større endringar. Rådmannen har gått gjennom reglementa og har nokre språklege endringsframlegg, men få endringar i innhald. Endringane frå rådmannen si side er merka med "spor endring".

Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Masfjorden kommune

Dei etiske retningslinjene har i perioden vore gjennomgått og drøfta med tillitsvalde. Dei har vore tema på leiarmøte, og dei etiske retningslinjene har vore tema for drøftingar og utviklingsarbeid i alle avdelingane i kommunen. Rådmannen tilrår at etiske retningslinjer vert tema i folkevaldopplæringa når det nye kommunestyret er konstituert, og at dei endringane politikarane ynskjer vert innarbeidde etter dette.

Reglement for folkevalde sin rett til innsyn.

Dette reglementet vart vedteke første gong 18.06.2007 og har fungert godt. Så vidt rådmannen kjenner til, har det ikkje vore saker i perioden der det har vore nekta innsyn når politikarane har bede om det. Rådmannen tilrår ingen endringar.

Reglement for Masfjorden kommunestyre.

Rådmannen har inntrykk av at dette reglementet vert praktisert og er i tråd med behova til kommunestyret. Kommunestyret har ikkje fullt ut nytta det handlingsrommet som ligg i § 19, Spørjetime, førespurnader og interpellasjonar. Ein kan og spørja seg om **§ 20 Sendenemnder** om grupper som vil møta for kommunestyret er godt nok kunngjort mellom innbyggjarane.

Rådmannen har elles ingen endringsframlegg.

Reglement for formannskapet og dei politiske utvala.

Den einaste endringa som rådmannen vil tilrå for komande periode, er å leggja ned Fast utval for plansaker. Tidlegare har dette vore eit lovpålagt utval, og for å møta dette lovkravet fastsette kommunestyret at Fast utval for plansaker skal vera personidentisk med formannskapet. Når ikkje lova lenger krev eige utval, er det berre eit kunstig skilje å ha to møtebøker, to innkallingar osb. Det har heller ingen politisk effekt, all den tid det er dei same personane som sit i formannskapet og FUP. Rådmannen vil derfor tilrå at sakene frå FUP vert lagt til formannskapet, og FUP vert lagt ned.

Reglement for godtgjering til folkevalde

Rådmannen tilrår å knyta fastsetting av godtgjersle til ordførar opp mot stortingsrepresentantane si lønn, i samsvar med KS si tilråding. Dette vert handsama som eiga sak. Når kommunestyret har fastsett godtgjersla til ordførar, må summene for godtgjersle til varaordførar og formannskap justerast i tråd med denne. Rådmannen meiner det er rett med ein auke i møtgodtgjersla til representantane og justeringar i telefongodtgjersla- og har synleggjort alternativ for dette med "spor endring".

Eit samla reglement for folkevalde i Masfjorden kommune

Dei ulike reglementa ligg no i eige dokument. Fram til det nye kommunestyret skal handsama reglementa, rår rådmannen at dei vert samla i eit dokument, "Reglement for folkevalde i Masfjorden kommune", der lokalpolitikarane kan finna alle kommunale reglement som gjeld. Dei ulike reglementa må då bli eigne kapittel, og dokumentet kan organiserast slik:

Kap 1: Etiske retningsliner for folkevalde og tilsette i Masfjorden kommune

Kap 2: Reglement for Masfjorden kommunestyre

Kap 3: Reglement for formannskapet og dei politiske utvala

Kap 4: Reglement for folkevalde sin rett til innsyn

Kap 5: Reglement for godtgjering til folkevalde

Konklusjon

Reglementa vert med dette lagt fram til politisk drøfting og handsaming.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	18.10.2011	065/11	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	25.10.2011	093/11	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-028

Arkivsaknr.: 09/716

SAK 093/11 - GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR 2011 - 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Godtgjersle til ordfører i Masfjorden kommune vert sett til _____ % av den faste godtgjersla til stortingsrepresentantane, pr 01.05.2011 kr 750 900.

Godtgjersla vert justert årleg pr 1. mai på grunnlag av justeringa som Stortingets lønnskommisjon gjer.

Finansiering Budsjett 2012

Heimel
Reglement for Masfjorden kommunestyre § 1, § 42 i kommunelova.

FS-065/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saka vert lagt fram utan innstilling frå formannskapet.

Det skjedde i Formannskapet den 18.10.2011:

Willy Borge, Frp, gjorde framlegg om at ordførarløna vert sett til 90 % av stortingsrepresentantane si løn.

Formannskapet drøfta saka, men det kom ikkje til avrøysting.
Saka vert dermed lagt fram for kommunestyret utan innstilling frå formannskapet.

KS-093/11 VEDTAK:

Godtgjersle til ordførar i Masfjorden kommune vert sett til 90 % av den faste godtgjersla til stortingsrepresentantane, pr 01.05.2011 kr 750 900.

Godtgjersla vert justert årleg pr 1. mai på grunnlag av justeringa som Stortingets lønnskommisjon gjer.

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om at i kolonnen nederst på s. 104 i sakspapira der det var opplyst om kva tid løna til ordførar har vore justert. Her vil det koma to tilføyingar pga av at ordførarløna ikkje har vore justert sidan 2009. Det vil koma inn justering pr 01.05.2010 og justering pr. 01.05.2011.

Karstein Totland sa seg ugild i denne saka.

Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at Totland var ugild.

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø orienterte om saka.

Willy Borge, FrP, gjorde framlegg om at ein set ordførarløna til 90 % av stortingsrepresentantane si løn.

Både KrF, Sp og Ap sette fram same framlegg.

Røysting:

Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak på at godtgjersla til ordførar i Masfjorden kommune vert sett til 90 % av stortingsrepresentantane si løn.

SAKSTILFANG:

Reglement for godtgjering til folkevalde, Masfjorden kommunestyre 18.06.2007
Økonomiske vilkår for folkevalgte, veileder frå KS 2011
Lønn og andre godtgjørelser, Stortingsrepresentantenes godtgjørelser

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Godtgjering til folkevalde skal handsamast av kommunestyret i kvar periode. § 42 i kommunelova seier at alle som har eit kommunalt tillitsverv har krav på godtgjering for det arbeidet dei gjer som folkevald. Reglane for dette skal fastsetjast av kommunestyret sjølv. Myndigheit til å vedta slik godtgjering kan ikkje delegerast.

Ordførargodtgjersla har vore utgangspunkt for fastsetting av godtgjerslene til dei andre folkevalde. Ordførargodtgjersla vert derfor handsama som eiga sak.

HØYRING/ UTTALE

Gjeldande reglement er sendt ut til dei politiske partia slik at dei kan koma med innspel til saka skal opp i det siste kommunestyremøtet i dette kommunestyret.

FAKTA

Ved inngangen til inneverande periode, vart ordførargodtgjersla sett til kr 600 000. Dette var i tråd med reglementet for godtgjering til folkevalde revidert i kommunestyret den 18.06.07 der det står:

”Ordførargodtgjersla vert sett lik rådmannen si løn ved konstituering av kommunestyret. I valperioden vert ordføraren si godtgjersle justert årleg i tråd med prosentvis lønsauke i kommunal sektor.”

Etter dette har godtgjersla vore justert etterskotsvis i oktober 2009, pr. 01.05. 2008 og 01.05.2009. Godtgjersla er no kr. 659 500.

Årsgodtgjersle	Prosenttillegg	Ny årsgodtgjersle	Månadsgodtgjersle
Pr 01.05.08	6,6 %	639.600,00	Kr 53.300,00
Pr 01.05.09	3,1 %	659.500,00	Kr 54.958,34

Ny årsgodtgjersle på kr. 659.500,00- vart lagt inn frå 1.nov. 2009.

VURDERING

Ordførarlønna har ikkje vore justert dei to siste åra. Ved justeringa i 2009 viste det seg omgrepet ”*prosentvis lønnsauke i kommunal sektor*” ikkje er eit eintydig begrep, og rådmannen tilrår ikkje at slik fastsetting av godtgjersle til ordførar vert vidareført.

Masfjorden kommune har hatt ei kopling mellom ordførar si godtgjersle og rådmannen si lønn. Dette var tidlegare vanleg i kommunane, men lønnsutviklinga for rådmenn og auka fokus på habilitet og økonomisk uavhengig fastsetting av både rådmannslønn og godtgjersle til ordførar har ført til at fleire og fleire kommunar no fylgjer KS si tilråding om å knyta ordføraren si godtgjersle opp til stortingsrepresentantane si lønn.

Ved å velja denne løysinga, vert ordførargodtgjersla knytt til årlege justeringar som Stortingets lønnskommisjon gjer. Ein unngår dermed at det kan bli stilt spørsmål ved ordførar sin habilitet overfor lønnsforhandlingar med rådmannen.

Noverande ordførarlønn i Masfjorden er kr 659 500. Det er opp til kommunestyret å drøfta om ein ynskjer å endra det nivået som denne godtgjersla ligg på i vår kommune. Dei kommunane som har nytta godtgjersla for stortingsrepresentantane som utgangspunkt for fastsetting av lokal ordførargodtgjersle har stort sett nytta ein presentsats og vedteke ulikt nivå ut frå lokale tilhøve.

Godtgjersla for stortingsrepresentantane er pr 01.05.2011 kr 750 900.

Døme på ordførargodtgjersle etter denne modellen:

Alternativ med 90% av godtgjersla til stortingsrepresentantar vil gje kr. 675 010

Alternativ med 100% av godtgjersla til stortingsrepresentantar vil gje kr. 750 900

I det noverande reglementet er fast godtgjersle til varaordførar sett til 4 % (kr 24 000) av ordførargodtgjersla, medan formannskapsmedlemmene har fast godtgjersle på 3%, (kr 18 000) Desse summene har vore uendra i perioden og vart sett ut frå ordførargodtgjersla ved starten av valperioden. Dersom ein vel ei løysing der ordførargodtgjersla vert auka årleg i perioden, meiner rådmannen at årleg justering også bør gjelda varaordførar og formannskapsmedlemmer.

Konklusjon

Rådmannen legg med dette saka fram for formannskapet og kommunestyret til handsaming. Rådmannen tilrår at ein for framtida føl tilrådinga frå KS og knyter ordføraren opp til godtgjersla for stortingsrepresentantar, og at varaordførar og formannskap vert justert i samsvar med godtgjersla til ordførar.

Framlegg til vedtak:

Godtgjersle til ordførar i Masfjorden kommune vert sett til _____% av den faste godtgjersla til stortingsrepresentantane, pr 01.05.2011 kr 750 900.

Godtgjersla vert justert årleg pr 1. mai på grunnlag av justeringa som Stortingets lønnskommisjon gjer.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	25.10.2011	094/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/676
-----------	---------------------

SAK094/11 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	11/4036	I	20.09.2011	Gulatings Lagmannsrett	Kjennelse med rettsmeklingsprotokoll frå møte 16.09.2011 på kommunehuset
2	11/4148	I	28.09.2011	Nordbygda barnehage	Årsplan for Nordbygda barnehage 2011-2012
3	11/4276	I	07.10.2011	Kontrollutvalet i Masfjorden	Referat frå møte i kontrollutvalet den 22.09.11
4	11/4277	I	07.10.2011	Kontrollutvalet i Masfjorden	Oppsummering av arbeidet i kontrollutvalet i perioden 2007 - 2011
5	11/4279	I	07.10.2011	Helge Laastad	Svar på brev med spørsmål om bruk av hus Solheimsneset

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-094/11 VEDTAK :

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Ordfører Håkon Matre gikk gjennom skriv og meldingar.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	25.10.2011	015/11	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	25.10.2011	096/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 11/684
--------------	---------------------

SAK 096/11 - KRAFTFONDSBUDSJETTET FOR 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Årsbudsjettet 2012 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;

	Budsjett
	2012
Inntekter: Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 500 000
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-190 000
Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
Refusjon Hordaland fylkeskommune	0
Sum inntekter	-2 700 000
Utgifter: LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2012	350 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
Sertifikatorordninga	30 000
Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	50 000
Tilrettelegging bustadføremål	600 000
Elevbedrift	30 000
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	13 000
Landbrukstiltak	0
Andre næringstiltak - (GMU med 250.000 i 2011)	250 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	37 000
Eableringstilskot	440 000
Frie fondsmidlar til fordeling	600 000
Sum utgifter	2 700 000

2. tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

Finansiering

Budsjettframlegget er i balanse

Heimel

Vedtektene for kraftfondet

KS-096/11 VEDTAK:**1. Årsbudsjettet 2012 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;**

	Budsjet
	2012
Inntekter: Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 500 000
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-190 000
Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
Refusjon Hordaland fylkeskommune	0
Sum inntekter	<u><u>-2 700 000</u></u>
Utgifter: LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2012	350 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
Sertifikatordninga	30 000
Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	50 000
Tilrettelegging bustadføremål	600 000
Elevbedrift	30 000
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	13 000
Landbrukstiltak	0
Andre næringsstiltak - (GMU med 250.000 i 2011)	250 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	37 000
Etableringstilskot	440 000
Frie fondsmidlar til fordeling	600 000
Sum utgifter	<u><u>2 700 000</u></u>

2. tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Røysting:

Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

KRFT-015/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Årsbudsjettet 2012 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;

	Budsjet
	2012
Inntekter: Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 500 000
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-190 000
Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
Refusjon Hordaland fylkeskommune	0
Sum inntekter	-2 700 000
Utgifter: LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2012	350 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
Sertifikatorordninga	30 000
Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	50 000
Tilrettelegging bustadføremål	600 000
Elevbedrift	30 000
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	13 000
Landbrukstiltak	0
Andre næringstiltak - (GMU med 250.000 i 2011)	250 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	37 000
Etableringstilskot	440 000
Frie fondsmidlar til fordeling	600 000
Sum utgifter	2 700 000

2. Tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 25.10.2011:

Budsjettframlegget vart gjennomgått post for post med forklaring, spørsmål og drøfting.

Ein sender skriv til skulane kring midlar avsett til elevbedrift, og orienterer om avsetjinga og ber om informasjon om planar frå skulane si side kring elevbedrifter og entreprenørskap.

Kontakte Skyss vedk. for data og evaluering av bruk ekstra ferjeavgang.

Røysting:

Kraftfondsstyret rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

Kraftfondet blir årleg tilført konsesjonsavgift frå BKK produksjon, justert kvart 5.år. Sist justering var i 2005, kor konsesjonsavgifta vart sett til 2.340.000. Ny justering i 2010 med minimale endringar i inntektene – seinare justeringar som gjev litt meir i konsesjonsavgift.

I tillegg til tilføring av konsesjonsavgift blir fondet tilført midlar i form av attendebetaling utlån kraftfondet – i budsjettframlegg år 2012 har vi lagt til grunn kr. 160.000,- i avdrag og 30.000 i rente utlån. Renteinntekter av fondsmidlane er budsjettert til 10.000,-.

Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter kalkulert til kr. 50.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett, og ikkje tilført kraftfondet. Framlegget er i tråd med politisk fleirtal siste åra.

Postar under budsjettet til kraftfondet 2012:

1. Det ligg i budsjettframlegget frå administrasjonen inne finansiering av tilskot for regionrådet (120.000), Hordaland olje og gass (10.000) og LVK (120.000) for 2012 og finanspostar ført under teneste 32501. Kontingent vert ført under teneste 32501 i kommunerekneskapen – rammeområde felles
2. Ein foreslår å vidareføre siste års løyving/pott (men med ein auke) på inntil kr. 200.000,- til løpande annonsering av tomteareal, av kommunale arrangement, støtteannonsar, profileringsiltak og representasjon delegert til rådmann/ordførar i fellesskap. Denne posten er og viktig med tanke på ekstra fokus folketalutvikling og det er her kommunen sin finansieringsdel kring kraftspela vert finansiert. Tiltaket vert ført under konto 11403, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles.
3. Det ligg i budsjettframlegget inne midlar til næringsarbeid under rådmannskontoret med kr. 100.000. Teneste 12001 rådmannskontoret i kommunerekneskapen – rammeområde administrasjon.
4. Sertifikatorordninga – vidareføring av ordninga. Tiltaket vert ført over teneste 18006 – rammeområde felles – budsjett tilpassa reelt behov. Det er lagt opp til kurs i 2012 for nye aldersgrupper, slik at tilbodet vert vidareført i tråd med intensjonen.
5. Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter (fondsmidlar) kalkulert til kr. 50.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett. Tiltaket vert ført under konto 19006, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles

6. Ein har lagt inn ein post relatert til fleire forhold om medfinansiering av nye bustadføremål som saman med etableringstilskot, kommunale avgifter og tilknytingsavgifter dannar grunnlag for realisering av ein del prosjekt. Dette er forhold som ligg i kommunen sitt investeringsbudsjett, som vert delfinansiert med bruk av fond. Det er gitt signal og gjort vedtak om støtte – som kjem til utbetaling m.a.i 2012.
7. Det ligg inne midlar til elevbedrift – same nivå som siste åra, men tiltak berre i liten grad iverksett (kr. 30.000). Tiltaket vert ført over teneste 18006 – rammeområde felles
8. Kraftfondstyret har vedteke ei ordning med tilskot mjølkekvotar – omfanget av kjøp har svinga, med gradvis minka. Lagt inn 13.000,- for 2012. Tiltaket vert ført under teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles
9. 2009 budsjettet vart det halde att ein sum til andre nærings tiltak – ein pott som kunne brukast til GMU (250.000). GMU ansåg ein som eingongstøtte – men lågt rentenivå tilseier løyvingar i åra framover. Elles kan posten brukast til andre næringsforhold som er aktuelle – f.eks kjøp av tenester – konsulent – utgreiingar kring utarbeiding av strategisk næringsplan. I tråd med Kommunestyrevedtak legg ein inn 250.000 i GMU støtte 2012.
10. Det er sett av ein stort pott til ordning med etableringstilskot – ut i frå pågang og førespurnader siste åra, samt at tilskotet kan knytast til pkt. 6 medfinansiering nye bustadfelt.
11. Utvida rutetilbod for kabelferja Masfjordnes – Duesund i 2008, vidareføring av prøveprosjektet som hittil har gått i litt over 2 år, dvs. løyving frå Masfjorden kommune v/kraftfondet med 100.000,-. Deler av ordninga er no innarbeidd i rutetilbodet, og løyvinga frå kommunen fell vekk. Nytt utvida tilbod, krev løyving – lagt inn forventa kostnad 2012 – litt over 30.000.
12. Ein har i nokre år budsjettert med 1,2 mill.kr. i frie midlar kraftfondet til næringsføremål. Tanken var at midlane (1,2 mill.kr.) skulle fordelast med 50/50% fordeling på tilskot og lån. Status er at dei aller fleste søker om berre tilskot. Tilrår ut i frå søknadsmassen dei seinare år (unnatak 2.tildeling 2008) at summen frie fondsmidlar vert sett ned til 600.000,-. Masfjorden kommune toppar klart i Hordaland fylke med sum frie fondsmidlar til næringslivet – dette kan føre fokus vekk frå andre offentlege støtteordningar.

Tabellen under summerer opp tekstdel under pkt. 1-12 for 2008/12, inkl. siste års avlagde rekneskap, samt inntektsføresetnadene.

Budsjettframlegg Masfjorden kraftfond 2012

	Budsjett 2012	Budsjett 2011	Rekneskap 2010	Budsjett 2010	Budsjett 2009	Budsjett 2008
Inntekter: Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 500 000	-2 360 000	-2 575 923	-2 340 000	-2 340 000	-2 340 000
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-190 000	-150 000	-159 288	-90 000	-90 000	-90 000
Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000	-140 000	-10 064	-140 000	-140 000	-140 000
Refusjon Hordaland fylkeskommune	0	0	-520	0	-100 000	
Sum inntekter	-2 700 000	-2 650 000	-2 745 795	-2 570 000	-2 670 000	-2 570 000
Utgifter: LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2012	350 000	326 000	269 441	250 000	200 000	200 000
Kraftspel, annonsering tomter/profilering av kommunen/div	200 000	200 000	115 585	200 000	150 000	150 000
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0	0	0	30 000	30 000	30 000
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Sertifikatorordninga	30 000	20 000	3 000	20 000	40 000	100 000
Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	50 000	50 000	0	50 000	40 000	40 000
Tilrettelegging bustadforemål	600 000	500 000	500 000	800 000	800 000	460 000
Elevbedrift	30 000	30 000	0	30 000	30 000	30 000
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	13 000	10 000	14 940	20 000	10 000	10 000
Landbrukstiltak	0	0	0	0	100 000	
Andre næringstiltak - (GMU med 250.000 i 2011)	250 000	307 000	100 000	100 000	250 000	
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	37 000	37 000	27 778	0	200 000	100 000
Etableringstilskot	440 000	470 000	120 000	370 000	120 000	150 000
Frie fondsmidlar til fordeling	600 000	600 000	530 000	600 000	600 000	1 200 000
Sum utgifter	2 700 000	2 650 000	1 780 744	2 570 000	2 670 000	2 570 000
			-965 051			

Det kjem elles kostnader i 2012 knytt til tidlegare års vedtak, m.a. løyvingar til utbygging nye bustadfelt – f.eks Einstrand.

Pilotprosjektet med eige budsjett. Budsjettføresetnadene her tilseier at 2012 budsjettet først kan handsamast ut på nyåret, etter klargjering med Hordaland fylkeskommune. Det er budsjettet med driftspostar pilot under teneste 32505 i 2012 budsjettet til kommunen, med 100% fylkeskommunal finansiering. Brutto 600.000,-.

KONKLUSJON

Det vert lagt fram eit balansert 2012 budsjett for kraftfondet.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	25.10.2011	087/11	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	25.10.2011	097/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 11/667
--------------	---------------------

SAK 097/11 - ÅRSBUDSJETT 2012 OG ØKONOMIPLAN 2012 - 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Driftsbudsjettet for Masfjorden kommune 2012 utgjør 166,6 mill.kr. i driftsinntekter jf. hovudoversikt drift og vert framlagt i balanse.
Netto driftsresultat utgjør 2,3% av driftsinntektene.
Etter budsjettskjema 1A har ein 124,4 mill.kr. i frie disponible inntekter, netto finanstransaksjonar med nær 4,8 mill.kr. og netto avsetjingar med 2,2 mill.kr., samt 1,6 mill.kr. overføring frå drift til investering som gjer at rammeområda får 115,7 mill.kr. til fordeling i 2012;

Budsjettskjema 1B

Fordelt til;

Folkevalte organ:	1 953 500
Administrasjon:	12 311 300
Barnehage:	11 353 700
Skule:	36 226 700
Helse:	8 337 500
Sosial- og barnevern:	6 616 000
Pleie- og omsorg	37 152 100
Kultur:	5 560 500
Kyrkja:	3 348 200
Teknisk:	6 621 700
Andre tenesteområdet:	-13 760 700
	115 720 500

2. Investeringsbudsjettet for 2012 vert sett til kr. 8.460.000 mill.kr.

Budsjettskjema 2B

Investeringsprosjekt;

EDB - felles	500 000
Kommunale vegar	660 000
Bustadfelt - tilrettelegging	750 000
Avlaup	200 000
Opprusting kommunale bygg	3 000 000
Vassforsyning	625 000
Brann - utstyr og bilar	1 875 000
Summering investering i anleggsmidler	7 610 000

Samt opptak av lånemidler til utlån startlån med 500.000,-, finansiert med låneopptak
Og eigenkapitalinnskot KLP med 350.000 finansiert med fondsavsetjingar
pensjonsmidlar

Husbanken – låneramma startlån kan aukast opp ved behov.

*Maks låneopptak lik sum årlege låneavdrag i driftsbudsjettet
+ frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidler
+ eksterne midlar/tilskot*

3. a) Masfjorden kyrkjelege fellesråd får ei investeringsramme på 1,0 mill.kr. for 2012, og samla 4,5 mill.kr. i økonomiplanperioden 2009-12.
- b) Masfjorden kyrkjelege fellesråd får eit driftstilskot 2012 med kr. 2.537.000,- fordelt med 2.015.000 til kyrkjer/MKF og 522.000 kyrkjegardar (auke med 5%)
- c) under kyrkje vert elles ført tenesteytingsavtale (391.700,-), kompensasjon rente- og avdrag lån MKF har teke opp til investeringar (200.000,-), og støtte andre trusamfunn med 20.000,-.
4. a) Økonomiplan 2011-14 ramme for drift jf. data i rammesaka (pkt. 4 = 2011, og ikkje klar)

Mål i økonomiplanperioden å budsjettere med eit netto driftsresultat frå lik eller høgare enn 3% som nødvendig eigenkapital til investeringane.

b) Økonomiplan 2012-14 for investering;

Prosjekt	Kostnad og finansiering 2012				Kostnad og finansiering 2013				Kostnad og finansiering 2014			
	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån
KLP egenkap.innskot	250	250	0	0	250	250	0	0	250	250	0	0
IKT/felles	500	200	0	300	500	0	0	500	500	0	0	500
IKT/felles – forskyvd frå 2010	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Opprusting komm.bygg	3 000	1 200	500	1 300	3 000	1 200	0	1 800	3 000	1 200	0	1 800
Kommunale vegar	660	160	0	500	630	130	0	500	580	80	0	500
Kommunale vegar – utover øk.plan	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Vassforsyning	500	500	0	0	5 000	1 500	2 500	1 000	1 000	500	0	500
Avlaup	500	0	0	500	200	100	0	100	500	0	0	500
Bustadfelt	500	500	0	0	500	500	0	0	500	500	0	0
Grunnerverv fleirbrukshall	800	0	0	800	0	0	0	0	0	0	0	0
Utleigebustadar Sandnes	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Matre symjebasseng	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Matre vassverk	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bustadfelt – molo Matre	500	0	0	500	0	0	0	0	0	0	0	0
	7 210	2 810	500	3 900	10 080	3 680	2 500	3 900	6 330	2 530	0	3 800

Elles legg ein til grunn følgjande prinsipp for finansiering av investeringane;

Maks låneopptak lik sum årlege lånevdrag i driftsbudsjettet
 + frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidlar
 + eksterne midlar/tilskot

5. a) Kommunal eigedomsskatt etter lov av 6. juni 1975, nr 29, vert å skrive ut for verk og bruk med 0,7 % av takstverdi.
- b) Vanleg skatt til kommunen på formue og inntekt vert å likna etter høgste sats, dvs. f.t. 10 o/oo på eiga og 11,60 % på inntekt.
6. Avskrivningane i 2012 budsjettet vert justert i tråd med aktiverte investeringar i 2011 rekneskapen

Finansiering

Driftsbudsjettet er i balanse og investeringsbudsjettet har finansiering

Heimel

Kommunelova – kommunen sitt økonomireglement

Utskrift til:

Fylkesmannen i Hordaland

Revisjonen

Driftseiningane

KS-097/11 VEDTAK – TILRÅDING TIL DET NYE KOMMUNESTYRET:

1. Driftsbudsjettet for Masfjorden kommune 2012 utgjør 166,6 mill.kr. i driftsinntekter jf. hovedoversikt drift og vert framlagt i balanse. Netto driftsresultat utgjør 2,3% av driftsinntektene. Etter budsjettskjema 1A har ein 124,4 mill.kr. i frie disponible inntekter, netto finanstransaksjonar med nær 4,8 mill.kr. og netto avsetjingar med 2,2 mill.kr., samt 1,6 mill.kr. overføring frå drift til investering som gjer at rammeområda får 115,7 mill.kr. til fordeling i 2012;

Budsjettskjema 1B

Fordelt til;	
Folkevalte organ:	1 953 500
Administrasjon:	12 311 300
Barnehage:	11 353 700
Skule:	36 226 700
Helse:	8 337 500
Sosial- og barnevern:	6 616 000
Pleie- og omsorg	37 152 100
Kultur:	5 560 500
Kyrkja:	3 348 200
Teknisk:	6 621 700
Andre tenesteområdet:	-13 760 700
	115 720 500

2. Investeringsbudsjettet for 2012 vert sett til kr. 8.460.000 mill.kr.

Budsjettskjema 2B

Investeringsprosjekt;	
EDB - felles	500 000
Kommunale vegar	660 000
Bustadfelt - tilrettelegging	750 000
Avlaup	200 000
Opprusting kommunale bygg	3 000 000
Vassforsyning	625 000
Brann - utstyr og bilar	1 875 000
Summering investering i anleggsmidler	7 610 000

Samt opptak av lånemidler til utlån startlån med 500.000,-, finansiert med låneopptak

Og egenkapitalinnskott KLP med 350.000 finansiert med fondsavsetjingar pensjonsmidlar

Husbanken – låneramma startlån kan aukast opp ved behov.

*Maks låneopptak lik sum årlege låneavdrag i driftsbudsjettet
+ frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidler
+ eksterne midlar/tilskott*

3. a) Masfjorden kyrkjelege fellesråd får ei investeringsramme på 1,0 mill.kr. for 2012, og samla 4,5 mill.kr. i økonomiplanperioden 2009-12.
- b) Masfjorden kyrkjelege fellesråd får eit driftstilskot 2012 med kr. 2.537.000,- fordelt med 2.015.000 til kyrkjer/MKF og 522.000 kyrkjegardar (auke med 5%)
- c) under kyrkje vert elles ført tenesteytingsavtale (391.700,-), kompensasjon rente- og avdrag lån MKF har teke opp til investeringar (200.000,-), og støtte andre trusamfunn med 20.000,-.
4. a) Økonomiplan 2011-14 ramme for drift jf. data i rammesaka (pkt. 4 = 2011, og ikkje klar)

Mål i økonomiplanperioden å budsjettere med eit netto driftsresultat frå lik eller høgare enn 3% som nødvendig eigenkapital til investeringane.

b) Økonomiplan 2012-14 for investering;

Prosjekt	Kostnad og finansiering 2012				Kostnad og finansiering 2013				Kostnad og finansiering 2014			
	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån
KLP eigenkap.innskot	250	250	0	0	250	250	0	0	250	250	0	0
IKT/felles	500	200	0	300	500	0	0	500	500	0	0	500
IKT/felles – forskyvd frå 2010	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Opprusting komm.bygg	3 000	1 200	500	1 300	3 000	1 200	0	1 800	3 000	1 200	0	1 800
Kommunale vegar	660	160	0	500	630	130	0	500	580	80	0	500
Kommunale vegar – utover øk.plan	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Vassforsyning	500	500	0	0	5 000	1500	2500	1000	1 000	500	0	500
Avlaup	500	0	0	500	200	100	0	100	500	0	0	500
Bustadfelt	500	500	0	0	500	500	0	0	500	500	0	0
Grunnerverv fleirbrukshall	800	0	0	800	0	0	0	0	0	0	0	0
Utleigebustadar Sandnes	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Matre symjebasseng	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Matre vassverk	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bustadfelt – molo Matre	500	0	0	500	0	0	0	0	0	0	0	0
	7 210	2 810	500	3 900	10 080	3 680	2 500	3 900	6 330	2 530	0	3 800

Elles legg ein til grunn følgjande prinsipp for finansiering av investeringane;

**Maks låneopptak lik sum årlege låneavdrag i driftsbudsjettet
+ frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidlar
+ eksterne midlar/tilskot**

5. a) Kommunal eige-domsskatt etter lov av 6. juni 1975, nr 29, vert å skrive ut for verk og bruk med 0,7 % av takstverdi.
- b) Vanleg skatt til kommunen på formue og inntekt vert å likna etter høgste sats, dvs. f.t. 10 o/oo på eiga og 11,60 % på inntekt.
6. Avskrivningane i 2012 budsjettet vert justert i tråd med aktiverte investeringar i 2011 rekneskapen

Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte. Utgangspunktet for budsjettet er framlegg frå einingane. Det har vore grundig gjennomgang og er gjort ein del justeringar. Me har totalt ein vekst på 10 %.

Konsesjonskrafta for 2012 er seld til ein god pris. Midlar til samhandlingsreforma, 2,3 mill. har me valt å setja av til fond, som er i tråd med KS si tilråding. Det gjer til at me får eit godt netto driftsresultat.

Det er kraftig omlegging av pensjon. Den nedbetalinga som har vore over 15 år er no føreslått skal takast over 10 år.

Me vidarefører drifta frå 2011 nivå til budsjett 2012. Taldelen i budsjettet er heilt klar, men teksten er berre påbegynt.

Tilråding til det nye kommunestyret at dei tek sikte på å utarbeida eit budsjett med driftsmargin på 3 %.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet til det nye kommunestyret vart samrøystes vedteke.

FS-087/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Driftsbudsjettet for Masfjorden kommune 2012 utgjer 166,6 mill.kr. i driftsinntekter jf. hovudoversikt drift og vert framlagt i balanse.
Netto driftsresultat utgjer 2,3% av driftsinntektene.
Etter budsjettskjema 1A har ein 124,4 mill.kr. i frie disponible inntekter, netto finanstransaksjonar med nær 4,8 mill.kr. og netto avsetjingar med 2,2 mill.kr., samt 1,6 mill.kr. overføring frå drift til investering som gjer at rammeområda får 115,7 mill.kr. til fordeling i 2012;

Budsjettskjema 1B

Fordelt til;	
Folkevalte organ:	1 953 500
Administrasjon:	12 311 300
Barnehage:	11 353 700
Skule:	36 226 700
Helse:	8 337 500
Sosial- og barnevern:	6 616 000
Pleie- og omsorg	37 152 100
Kultur:	5 560 500
Kyrkja:	3 348 200
Teknisk:	6 621 700
Andre tenestoområdet:	-13 760 700
	115 720 500

2. **Investeringsbudsjettet for 2012 vert sett til kr. 8.460.000 mill.kr.****Budsjettskjema 2B**

Investeringsprosjekt;	
EDB - felles	500 000
Kommunale vegar	660 000
Bustadfelt - tilrettelegging	750 000
Avlaup	200 000
Opprusting kommunale bygg	3 000 000
Vassforsyning	625 000
Brann - utstyr og bilar	1 875 000
Summering investering i anleggsmidler	7 610 000

Samt opptak av lånemidler til utlån startlån med 500.000,-, finansiert med låneopptak
Og eigenkapitalinnskott KLP med 350.000 finansiert med fondsavsetjingar
pensjonsmidlar

Husbanken – låneramma startlån kan aukast opp ved behov.

*Maks låneopptak lik sum årlege låneavdrag i driftsbudsjettet
+ frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidler
+ eksterne midlar/tilskott*

3. **a) Masfjorden kyrkjelege fellesråd får ei investeringsramme på 1,0 mill.kr. for 2012, og samla 4,5 mill.kr. i økonomiplanperioden 2009-12.**

b) Masfjorden kyrkjelege fellesråd får eit driftstilskott 2012 med kr. 2.537.000,- fordelt med 2.015.000 til kyrkjer/MKF og 522.000 kyrkjegardar (auke med 5%)

c) under kyrkje vert elles ført tenesteytingsavtale (391.700,-), kompensasjon rente- og avdrag lån MKF har teke opp til investeringar (200.000,-), og støtte andre trusamfunn med 20.000,-.

4. **a) Økonomiplan 2011-14 ramme for drift jf. data i rammesaka (pkt. 4 = 2011, og ikkje klar)**

Mål i økonomiplanperioden å budsjettere med eit netto driftsresultat frå lik eller høgare enn 3% som nødvendig eigenkapital til investeringane.

b) Økonomiplan 2012-14 for investering;

Prosjekt	Kostnad og finansiering 2012				Kostnad og finansiering 2013				Kostnad og finansiering 2014			
	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån
KLP eigenkap.innskot	250	250	0	0	250	250	0	0	250	250	0	0
IKT/felles	500	200	0	300	500	0	0	500	500	0	0	500
IKT/felles – forskyvd frå 2010	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Opprusting komm.bygg	3 000	1 200	500	1 300	3 000	1 200	0	1 800	3 000	1 200	0	1 800
Kommunale vegar	660	160	0	500	630	130	0	500	580	80	0	500
Kommunale vegar – utover øk.plan	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Vassforsyning	500	500	0	0	5 000	1 500	2 500	1 000	1 000	500	0	500
Avlaup	500	0	0	500	200	100	0	100	500	0	0	500
Bustadfelt	500	500	0	0	500	500	0	0	500	500	0	0
Grunnerverv fleirbrukshall	800	0	0	800	0	0	0	0	0	0	0	0
Utleigebustadar Sandnes	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Matre symjebasseng	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Matre vassverk	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bustadfelt – molo Matre	500	0	0	500	0	0	0	0	0	0	0	0
	7 210	2 810	500	3 900	10 080	3 680	2 500	3 900	6 330	2 530	0	3 800

Elles legg ein til grunn følgjande prinsipp for finansiering av investeringane;

Maks låneopptak lik sum årlege lånevdrag i driftsbudsjettet
 + frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidlar
 + eksterne midlar/tilskot

5. a) Kommunal eigedomsskatt etter lov av 6. juni 1975, nr 29, vert å skrive ut for verk og bruk med 0,7 % av takstverdi.
- b) Vanleg skatt til kommunen på formue og inntekt vert å likna etter høgste sats, dvs. f.t. 10 o/oo på eiga og 11,60 % på inntekt.
6. Avskrivningane i 2012 budsjettet vert justert i tråd med aktiverte investeringar i 2011 rekneskapen

Det skjedde i Formannskapet den 25.10.2011:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Utgangspunktet for budsjettet er framlegg frå einingane. Det har vore ein grundig gjennomgang og er gjort ein del justeringar. Me har totalt ein vekst på ca 10 %.

Dersom ein held utanfor samhandlingsreforma og pensjon blir veksten lik generell prisvekst, men 2011 nivået blir vidareført i budsjett 2012 utan problem.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedtak rådmannen sitt framlegg til vedtak.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyret skal innan utløpet av året vedta årsbudsjettet for neste kalenderår. Årsbudsjettet er eit overslag over kommunen sine inntekter for det aktuelle året, og er ein bindande plan for bruk av dei økonomiske ressursane ein har til rådvelde. Budsjettet er det primære styringsinstrumentet i økonomiforvaltninga.

Innhald og forhold ved budsjettet, jf. pkt. 6.2 i økonomireglementet, Årsbudsjettet

6.1.1 Rammetildelingane skal skje på:

- Rammeområde.
Det vil seie i tråd med den rammeinndelinga som allreie gjeld eller som kommunestyret sjølv kjem fram til gjennom sitt økonomiplanarbeid
- Nettonivå.
Det vil seie at løyvinga skal innehalda utgiftene etter at forventa inntekter er trekt frå
- Fordeling innafor rammeområde.
Rådmannen fordelar innafor rammeområde driftsramme for kvar einskild driftseining

6.2.2 Taloppstillingar:

- Forskriftsmessige hovudoversiktar og noter til drift og investeringar
- Oversikt som syner korleis ein har kome fram til gjeldande rammetildelingar; - med naudsynte kommentarar
- Samandrag over nettoutgifter pr. teneste
- Samandrag over sum pr. artsgruppe, samla sett for heile kommunen
- Samandrag over dei einskilte planlagde investeringsprosjekta med tilhøyrande finansiering
- Andre taloppstillingar som kommunestyret sjølv ber om

6.2.3 Verbal utgreiing som skisserer/presenterer

- Kort oppstilling av overordna mål og strategiar, samt delmål i drifta
- Gjennomgang av endringar i eksterne og interne rammeføresetnader (m.a. framlegg til statsbudsjett)
- Korleis endelege prioriteringar i økonomiplanvedtaket påverkar den daglege drifta i budsjettåret
- Tiltak som må gjerast for å oppnå mål og balanse i budsjettåret
- Konsekvensvurderingar av skisserte tiltak t.d. forventa endringar i tenestetilbod, brukarbetalingar, intern organisering, herunder personalmessige konsekvensar m.m. i budsjettåret

6.2.4 Vedtaket skal som eit minimum innehalde:

- Sum midlar som skal fordelast til drift
- Korleis samla driftsramme skal fordele seg på dei rammeområda som vert fastsett
- Sum brutto investeringsramme og korleis denne samla sett vert finansiert
- Sum låneopptak og vekta avdragstid
- Andre pålegg, føringar og/eller bindingar som Kommunestyret ynskjer legge på administrasjonen
- Marginavsetjinga som skal gjelda for skatteinntekter som fortløpande vert betalt til kommunen

6.2.5 Innhaldet i det innbundne årsbudsjettet:

- Administrasjonen si saksutgreiing og taloppstillingar ihht. pkt. 6.2.2 og 6.2.3
- Dokument som syner politiske handsaming og vedtak
- Høyringsdokument fylgjer som vedlegg

HØYRING

UTTALE

FAKTA

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2012 :

Prisindikatoren for 2012 er i framlegget **3,25 %**. Pårekna lønsvekst inngår i denne med **4,0 %** og kjøp av varer og tenester med 2,0 %.

Skatteinntekter

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2011 til 2012 med **4,5 %**.

Denne auken er rekna i høve til det som no er pårekna skatteinngang for i år. Skatteøyret for kommunane er i 2011 11,3 %. Det er for 2012 lagt opp til ein auke i skatteøyret for kommunane til 11,6 %. Skatteøyret blei redusert frå 2010 til 2011 for å redusera skattedelen av kommunane sine inntekter. Skatteøyret blir auka noko opp igjen i 2012 for å unngå at heilårsverknaden av redusert skatteøyre for 2011 gir ytterlegare skattereduksjon i 2012.

Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2012. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabell byggjer på kommunane sin reelle skatteinngang i 2010. I høve til dette grunnlaget er det justert for pårekna skatteutvikling i statsbudsjettet frå 2010 til 2012. I berekning av skatteprognose for 2012 er det justert for same endring i % i høve til rekneskap 2010 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2010. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Kommunane kan ta utgangspunkt i prognosen for frie inntekter, men må justera for lokale tilhøve knytt til skatteutvikling. Folketalsutviklinga fram til 01.01.2012 vil dessutan påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring. Veksten i dei frie inntektene frå 2011 til 2012 vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt :

- verknad av endringar i inntektssystemet
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endra kriteriedata og befolkning
- endring i veksttilskot

Både prisjustering frå 2011 til 2012, særskilt kompensasjon i rammeoverføring knytt til barnehage og grunnskule, samt den delen av overføring til kommunane for Samhandlingsreform som inngår i rammeoverføring er innarbeidd i det vedlagte oversynet for dei frie inntektene.

Samla vekst i frie inntekter og bruk av veksten

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2011 til 2012 med om lag kr. 3,15 mrd. Denne veksten er rekna i høve til det inntektsnivået for 2011 som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Både prisjustering og overføring frå helseføretaka til kommunane i samband med Samhandlingsreform kjem i tillegg til denne veksten. Særskilt kompensasjon knytt til barnehage og skule kjem også i tillegg (blir kommentert under). Størstedelen av denne veksten i dei frie inntektene for kommunane vil gå med til auka utgifter knytt til befolkningsutviklinga. Folketalet aukar totalt og det er særleg auken i dei aller eldste og yngste aldersgruppene som trekkjer opp kommunane sine meirutgifter. Det er rekna at om lag kr. 2,2 mrd. av veksten i dei frie inntektene for kommunane vil gå med til auka utgifter knytt til demografi. Samla auke i desse utgiftene for kommunane er likevel pårekna å bli noko meir enn kr. 2,2 mrd. For auka demografi - utgifter utover dette nivået er det lagt til grunn dekning frå andre inntekter enn dei frie inntektene, t.d. gjennom gebyrinntekter. I 2012 er det venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auka med om lag kr. 850 mill. utover det som blir kompensert gjennom prisindikatoren (prisjustering) av inntektene. Samla for kommunane vil difor nesten heile veksten i dei frie inntektene gå med til å dekkja auka utgifter knytt til demografi og pensjon. Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane i landet sine samla frie inntekter frå 2011 til 2012 med 4,3 %. Veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntektsnivå i år, det vil sei medrekna oppjustering av skattenivået (kr. 800 mill.). Veksten er korrigert for oppgaveendringar. Den nominelle prosentveksten i dei frie inntektene på landsbasis er noko høgare enn for kommunane samla i Hordaland. Veksten i fylket er 4,1 % frå 2011 til 2012.

Barnehagar

a) Maksimalpris for foreldrebetaling blir vidareført på same nominelle nivå som i 2011, kr. 2.330,- pr. månad for ein heiltidsplass. Kompensasjon til kommunane for manglande prisjustering av foreldrebetaling inngår i rammeoverføring med samla kr. 240,6 mill. i 2012.

b) Opptopping med sikte på likestilling mellom kommunale og ikkje-kommunale barnehagar blir vidareført. Kompensasjon til kommunane for deira meirutgifter inngår i rammeoverføring med samla kr. 28,5 mill. i 2012. Minimumstilskotet til ikkje - kommunale barnehagar aukar frå 91 til 92 prosent frå 01. august 2012.

c) Det blir gjort framlegg om omlegging av kontantstønsordninga frå 01. august 2012 ;

- ordninga blir avvikla for toåringar
- for barn 13 - 18 månader blir det auka stønad til kr. 5.000,- pr. månad
- for barn 19 - 23 månader blir noverande stønad vidareført, kr. 3.303,- pr. månad

Det blir gitt kompensasjon i rammeoverføring med til saman kr. 91,9 mill. i 2012 for pårekna auka etterspurnad etter barnehageplassar som følgje av omlegginga av kontantstønsordning.

Kompensasjon for dette (punkt a, b og c) kjem i tillegg til den signaliserte veksten i dei frie inntektene, men kompensasjon inngår i vedlagt tabell.

Grunnskule

Det blir innført 1 ½ time valfag (2 skuletimar) i veka i ungdomsskulen for 8. trinn frå hausten 2012. Tilbodet blir utvida til 9. trinn frå hausten 2013 og 10. trinn frå hausten 2014. Finansieringa av innføring på 8. trinn blir lagt inn med 5/12 - effekt i rammetilskotet for 2012, kr. 64,6 mill. Kompensasjon kjem i tillegg til den signaliserte veksten i dei frie inntektene, men kompensasjonen inngår i vedlagt tabell.

Rentekompensasjon skulebygg og symjeanlegg

Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular og symjeanlegg blir vidareført i 2012. Det er lagt opp til ei samla investeringsramme, som grunnlag for rentekompensasjon, på kr. 15 mrd. fordelt over 8 år frå og med 2009. For 2012 er ramma for skulebygg og symjeanlegg, som grunnlag for rentekompensasjon, kr. 2,0 mrd.

Investeringsramma omfattar både kommunane og fylkeskommunane. Ordninga blir administrert av Husbanken. I perioden 2009 - 2012 vil kr. 9 mrd. av den totale ramma på kr. 15 mrd. bli nytta.

Kommunalt barnevern

Barnevernet i kommunane blei i 2011 styrka med kr. 240 mill. gjennom eit nytt øyremerka tilskot. Tilskotet er fordelt av fylkesmennene etter søknad frå kommunane. Tilskotet er i hovudsak nytta til nye stillingar i kommunane i 2011.

Det er framlegg om å auka det øyremerka tilskotet med kr. 50 mill. til kr. 290 mill. i 2012. Auken skal gå til nye stillingar i barnevern - tenesta (pårekna 70 nye stillingar) og til rettleiing av nyutdanna og nyttilsette. Tilskotet vil bli fordelt av fylkesmennene etter søknad frå kommunane.

Inntil vidare vil dette vere eit øyremerka tilskot, og det blir ikkje innlemma i rammeoverføring dei næraste åra.

Samhandlingsreform

Reform blir innført frå 01. januar 2012 men er planlagt opptrappa over fleire år.

Kommunal medfinansiering og utskrivingsklare pasientar

Frå og med 2012 blir det innført 20 % kommunal medfinansiering for medisinsk behandling alle aldersgrupper i sjukehus. Operasjonar, barnefødsel, nyfødd - behandling og kostbare biologiske legemidlar inngår ikkje i grunnlaget for medfinansiering. I tillegg er det lagt opp til at kostnader for eit opphald på sjukehus utover kr. 30.000,- ikkje blir rekna med i grunnlaget. Kommunane vil i 2012 få overført kr. 5,0 mrd. frå dei regionale helseføretaka knytt til medfinansieringsansvaret. Kommunane vil frå 01. januar 2012 få betalingsansvar for utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta allereie frå første dag. Kommunane må betala kr. 4.000,- pr. døgn pr. pasient. Kommunane får overført kr. 560 mill. frå helseføretaka til dette føremålet. Dette byggjer på eit gjennomsnittstal (140 000) for liggedøgn for utskrivingsklare pasientar i perioden 2007 - 2009. Etter to år vil dette grunnlaget bli vurdert nærare og eventuelt justert fram mot 2016. Både midlar knytt til kommunal medfinansiering av spesialisthelsetenesta og utskrivingsklare pasientar blir overført til kommunane gjennom innbyggjartilskotet i rammeoverføring. Det er ei omfordeling mellom kommunane gjennom utgiftsutjamninga (kostnadsnøklane) slik at dei kommunane som har høgare berekna utgiftsbehov enn gjennomsnittet får eit tillegg og vice versa. Vektinga i utgiftsutjamninga må ta omsyn til kor stor del av dei samla utgiftene i spesialisthelsetenesta som er knytt til dei ulike aldersgruppene. Dei eldre innbyggjarane får på denne bakgrunn høgare vekt i utgiftsutjamninga.

Overføring frå helseføretaka til kommunane både for kommunal medfinansiering og utskrivingsklare pasientar blir i 2012 som nemnd ein del av rammeoverføring og frie inntekter (inngår i vedlagt tabell). Dette kjem utanom den signaliserte veksten i dei frie inntektene.

Fordeling kommunal medfinansiering og utskrivingsklare pasienter, 5 567 mill. kr.			
	Fordeling kommunal medfinansiering og utskrivingsklare pasienter, 5 567 mill. kr.	Kompensasjon 305 mill. kr.	Sum
	<i>1 000 kr</i>	<i>1 000 kr</i>	<i>1 000 kr</i>
1266 Masfjorden	2 328	0	2 328

Tapskompensasjon

Det vil bli gitt ein eigen kompensasjon til kommunar som dei siste åra ville hatt høgare forbruk innan kommunal medfinansiering og utskrivingsklare pasientar dersom kommunane hadde hatt dette betalingsansvaret - og det dei no vil få gjennom rammeoverføring. Samla kompensasjon for landet er kr. 305 mill. Tapskompensasjonen inngår i rammeoverføring, men midlane vil bli fordelt særskilt og ikkje etter dei faste kriteri i inntektssystemet med utgiftsutjamninga. Fordelinga vil vere den same i ein periode på 3 år (2012 - 2014). Denne kompensasjonen vil bli finansiert innafor veksten i dei frie inntektene, det vil sei gjennom innbyggjartilskotet.

Eldreomsorg - demente

Det er ei målsetjing at alle kommunar innan 2015 skal kunne tilby dag - aktivitetstilbod for demente. For å stimulera til utbygging av tilbodet, er det framlegg om eit nytt øymerka tilskot, til saman kr. 150 mill. Det er sjølve etableringskostnadene med tilbodet som er planlagt finansiert av det nye øymerka tilskotet, medan driftskostnadene til nye årsverk i 2012 må bli finansiert innafor den generelle veksten i dei frie inntektene.

Sjukeheimplassar og omsorgsbustader

For 2012 er det framlegg om å gi tilsegn om tilskot for 1500 nye einingar med heildøgnsomsorg, fordelt mellom omsorgsbustader og sjukeheimplassar. Investeringstilskot er 30 % for omsorgsbustader og 40 % for sjukeheimplassar med fellesareal, innafor ei øvre investeringsramme. Øvste berekningsgrunnlag (investeringsramme) for kvar eining for 2011 var kr. 2,222 mill. Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øymerka tilskot for ressurskrevjande tenester blei lagt om frå og med 2008. Kompensasjonsgraden er etter omlegging den same for kvar kommune. Tilskotsordninga er for personar under 67 år. Det har vore ein betydeleg vekst i dette øymerka tilskotet tidlegare år, men veksten er no blitt mindre. Det er lagt opp til følgjande for 2012 :

- Kompensasjonsgraden er 80 %.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka pr. brukar frå kr. 895.000,- til kr. 935.000,- for netto utgifter i 2011. Dette svarer til pårekna lønsvekst frå 2010 til 2011.
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2012 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap i 2011. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i det same året som utgiftene har vore.

Psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) har fått mindre vekt i inntektssystemet frå og med 2011 slik at denne kompensasjonen i rammeoverføring er redusert. Kriteriet for psykisk utviklingshemma under 16 år er teke heilt bort. Dette gir noko høgare netto utgifter knytt til ressurskrevjande tenester (2011) slik at det øyremerkta tilskotet som blir utbetalt i 2012 aukar noko.

Inntektssystemet i 2012

Inntektsutjamning av skatteinntekter i høve til landsgjennomsnittet blir vidareført med 60 %. Tilleggskompensasjon (35 % under skattenivå 90 % av landsgjennomsnittet) blir vidareført. Kommunane med under 3200 innbyggjarar får småkommunetilskot, dersom kommunen ikkje har eit særleg høgt skattenivå (over 120 % av landsgjennomsnittet).

Det blir for perioden 2011 - 2014 gitt ein eigen kompensasjon til kommunar som har tap over kr. 100,- pr. innbyggjar i samband med endringane i inntektssystemet i 2011. Samla kompensasjon til kommunane i landet er kr. 400 mill. for 2011. Denne blir vidareført på same nivå i 2012 for dei aktuelle kommunane.

Ordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet meir enn kr. 300,- pr. innbyggjar under landsgjennomsnittet frå eit år til det neste. INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjøntilskot.

Telletidspunktet for innbyggjartal og aldersfordeling i utgiftsutjamning som grunnlag for rammeoverføring 2012 er 01.07. i år. For inntektsutjamninga i 2012 er telletidspunktet 01.01.2012. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling er telletidspunktet 01.01.2011 for rammeoverføring i 2012.

Det er for 2012 lagt opp til endringar i vektninga av kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga. Bakgrunnen for endringane er innlemming av tilskot knytt til Samhandlingsreforma. Alderskriteria for dei eldste innbyggjarane får høgare vekt i utgiftsutjamninga frå og med 2012.

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
1	OVERFØRING											
2	KR. 1.000,-											
3	2012		av dette									
4			særskilt	storby-og								
5		innb.t.	komp.	små	distriktsp.	vekst	taps-	ordnært	SUM	Pårekna	SUM pårekna	Vekst
6	KOMMUNE	m/utg.utj.	Samh.	komm.	tilskot	tilskot	komp.v/	skjøn	ramme	skatt +	frie	rekneskap
7		m/INGAR	reform	tilskot	S.-Noreg		omlegg.		overføring	innt.utj.	inntekter	% 11 - 12
8	Masfjorden	55375		4996	0	0	100	0	60471	41501	101972	5,1

MASFJORDEN	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
MASFJORDEN	1266								
(år 2012-prisnivå i perioden 2012-2015)							PROGNOSE		
1000 kr	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Innbyggertilskudd (likt beløp f	11 588	12 424	15 672	16 730	31 409	35 256	35 311	35 365	35 500
Utgiftsutjevning	14 682	14 524	16 991	19 400	17 302	19 977	19 991	20 006	20 014
Overgangsordninger (INGAR	-	-	-100	-41	539	-117	-	-	-
Saker særskilt ford (fysioterapi	71	281	178	227	430	259	259	259	259
Småkommunetilskudd	5 083	5 296	5 535	5 707	4 839	4 996	4 996	4 996	4 996
Veksttilskudd	-	-	-	-	-	-	-	4	-
Ordinært skjønn inkl bortfall a	1 209	1 209	1 004	539	-	-	-	-	-
Skjønn - tap endringer av inntektssystemet					100	100	100	100	100
Ekstra skjønn tildelt av KRD	914	-	-	-	-	-	-	-	-
Feil inntektsutj 2007/Komp Fysioterapautmidl		-3	21						
Tiltakspakken 2009/1 mrd mer frie inntekter 2010 med mer			903	478					
RNB2009 / RNB2010 / Prop 59S / RNB2011			414	3	35				
Sum rammetilsk uten selskap	33 547	33 730	40 618	43 043	54 654	60 471	60 657	60 730	60 869
Selskapskatt 2007/2008 /	946	6 714							
Sum rammetilsk. ekskl innte	34 493	40 444	40 618	43 043	54 654	60 471	60 657	60 730	60 869
"Bykretrekke" (anslag etter 20	-6	-5	-2	-1	-2				
Netto inntektsutjevning	-3 152	-5 853	-4 532	-4 569	-4 692	-4 608	-4 608	-4 608	-4 608
Sum rammetilskudd	31 335	34 587	36 084	38 474	49 960	55 864	56 050	56 123	56 262
Rammetilskudd - endring i %		10,4	4,3	6,6	29,9	11,8	0,3	0,1	0,2
Skatt på formue og inntekt	39 326	40 202	44 508	45 961	44 597	46 108	46 108	46 108	46 108
Skatteinntekter - endring i %		2,2	10,7	3,3	(2,97)	3,39	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendor	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (a	70 661	74 789	80 592	84 435	94 600	102 000	102 200	102 200	102 400

Frå og med 2012 blir perioden for fullt inndelingstilskot utvida frå 10 til 15 år, før tilskotet som tidlegare blir nedtrappa dei neste 5 åra. Dette vil leggje dei økonomiske rammevilkåra betre til rette for kommunar som vil slå seg saman. Denne utvidinga omfattar også dei kommunane som nå får inndelingstilskot.

Ordninga med inndelingstilskot blir finansiert av kommunane sjølv, det vil sei gjennom eit like stort trekk pr. innbyggjar i innbyggjartilskotet for alle kommunar.

Ramma i 2012 for skjønstilskot i landet blir auka med kr.50 mill. for ekstraordinære utgifter til psykologisk - sosial oppfølging i kommunane etter terrorangrepa 22. juli 2011. Fylkesmennene vil fordela fylkesrammene (vil bli fastsett) mellom kommunar med særlege behov som følgje av terrorangrepa.

Masfjorden

Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag som følgje av naturressursskatt, eigedomsskatt frå kraftverk og konsesjonskraft. Kommunen får småkommunetilskot.

Departementet gir frå og med 2011 årleg skjønstilskot kr. 100.000,- til kommunen i samband med omlegginga av inntektssystemet.

Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2012.

Budsjettskjema 2A

	Budsjett 2012	Rekneskapen pr. 31.8.2011	Revidert Budsjett 2011	Opphavleg Budsjett 2011	Rekneskap 2010
FINANSIERINGSBEHOV					
Investering i anleggsmidler	7 610 000	6 924 453	27 802 500	22 016 000	20 604 622
Utlån og forskoteringar	850 000	135 000	2 500 000	500 000	1 425 000
Avdrag på lån	0	412 640	280 000	280 000	363 343
Avsetjingar			250 000	250 000	3 145 212
Årets finansieringsbehov	8 460 000	7 472 093	30 832 500	23 046 000	25 538 177
FINANSIERING					
Bruk av lånemidler	-4 600 000		-11 500 000	-9 500 000	-4 925 000
Inntekter frå sal av anleggsmidler	0	-120 000	0		-1 755 102
Tilskot til investeringar	-500 000		-4 600 000	-4 600 000	-1 830 926
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	0	-88 039	-180 000	-180 000	-168 905
Andre inntekter		-500 000	-500 000	-500 000	-706 293
Sum ekstern finansiering	-5 100 000	-708 039	-16 780 000	-14 780 000	-9 386 226
Overført frå driftsrekneskapen	-1 610 000		-3 452 000	-3 452 000	-4 662 592
Bruk av avsetjingar	-1 750 000		-10 600 500	-4 814 000	-8 893 593
Sum finansiering	-8 460 000	-708 039	-30 832 500	-23 046 000	-22 942 411
Udekket/udisponert = 0	0	6 764 054	0	0	2 595 766

Budsjettskjema 2B

Investeringsprosjekt;					
EDB - felles	500 000	1 650 557	1 000 000	1 000 000	1 353 025
EDB - skule	0	0	0		1 019 535
Nordbygda barnehage	0	175 705	100 000		147 852
Opprusting barnehagebygg	0				212 552
Lokaler Nordbygda skule	0				2 383 939
Lokaler Sandnes skule	0		70 000		258 042
Lokaler Matre skule	0				1 052 576
skulelokaler		204 181			
Matre symjebasseng	0	615 337	7 800 000	7 800 000	229 994
Sjukeheimen	0	252 342	300 000		209 921
Omsorgs-/psykiatribustadar	0	-86 141			272 415
Utleigebustadar Hosteland	0	181 773			2 151 222
Utleigebustadar Sandnes	0	1 956 445	2 300 000	2 300 000	1 563 755
Omsorgsbustadar NORD	0				6 979 881
Omsorgsbustadar indre	0	115 552	260 000		88 608
Gjennomgangsbustadar	0	10 754			50 333
Tomtar	0				1 500
Kommunale vegar	660 000	252 515	3 766 000	3 416 000	204 500
Bil TML		496 862	410 000		
Veglys	0				65 361
Bustadfelt - tilrettelegging	750 000		500 000	500 000	1 166 750
Avlaup	200 000				27 578
Opprusting kommunale bygg	3 000 000				
Vassforsyning	625 000	551 667	7 000 000	7 000 000	517 065
Kalkdoseraranlegg - Frøyset		67 660	2 500 000		
Bustadfelt - Einestrond		375 000	1 500 000		
Grøn næringspark Matre	0				161 944
Brann - utstyr og bilar	1 875 000				
Museum - pipe fargeriet	0	87 146	87 500		371 931
Fleirbrukshall Hosteland	0		209 000		114 343
Sentralbaneanlegg Hosteland	0	17 098			
Summering investering i anleggsmidla	7 610 000	6 924 453	27 802 500	22 016 000	20 604 622

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING

versikt - investering	Budsjett 2012	Budsjett 2011	Rekneskap 2010
INVESTERINGSINNTEKTER			
LN 03 Sal av driftsmidler og fast eiendom	0	0	-1 755 102
LN 04 Andre salsinntekter		0	
LN 06 Statlege overføringa		0	-1 830 926
LN 07 Andre overføringa	-500 000	-4 600 000	-206 293
LN 08 Renteinntekter		-500 000	-500 000
LN 09 Sum inntekter	-500 000	-5 100 000	-4 292 321
INVESTERINGSUTGIFTER			
LN 11 Lønsutgifter		0	
LN 12 Sosiale utgifter		0	
LN 13 Varer og tenester i kommunal eigenprod.	6 260 000	19 473 000	18 320 429
LN 14 Kjøp av tenester som erstattar eigenprod.		0	111 705
LN 15 Overføringa	1 350 000	2 543 000	2 172 488
LN 16 Renteutgifter og omkostningar		0	
LN 18 Sum utgifter	7 610 000	22 016 000	20 604 622
FINANSUTGIFTER			
LN 20 Avdragsutgifter		280 000	363 343
LN 21 Utlån	500 000	500 000	1 425 000
LN 22 Kjøp av aksjar og andelar	350 000	250 000	273 128
LN 23 dekning av tidl.års udekka		0	1 872 084
LN 24 Avsetjing fond		0	1 000 000
LN 25 Avsetningar til likv.reserve		0	
LN 26 Sum finanstransaksjoner	850 000	1 030 000	4 933 555
LN 27 Finanseringsbehov	7 960 000	17 946 000	21 245 856
FINANSIERING			
LN 29 Bruk av lån	-4 600 000	-9 500 000	-4 925 000
LN 30 Mottekne avdrag på utlån		-180 000	-168 905
LN 32 Overføring frå driftsrekneskapen	-1 610 000	-3 452 000	-4 662 592
LN 33 Bruk av disposisjonsfond	-600 000	-4 814 000	-5 808 264
LN 34 bruk av investeringsfond	-1 150 000	0	-2 802 626
LN 36 bruk av likv.res		0	-282 703
LN 37 Sum finansiering	-7 960 000	-17 946 000	-18 650 090
LN 38 Udekket/udisponert	0	0	2 595 766

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT

	førebels 2012 budsjett	Rekneskap 31.8.2011	Opphavig 2011 budsjett	2010 rekneskapen	
DRIFTSINNEKTER					
LN03	Brukerbetalinger	-9 233 200	-5 259 713	-8 496 500	-9 091 098
LN04	Andre salgs- og leieinntekter	-8 575 300	-4 897 188	-7 286 700	-8 316 388
LN05	Overføringer med krav til motytelser	-10 783 800	-6 345 019	-7 763 900	-22 715 500
LN06	Rammetilskudd fra staten	-55 900 000	-33 752 935	-50 359 000	-38 473 325
LN07	Andre statlige overføringer	0		-2 500 000	-1 898 355
LN08	Andre overføringer	-13 629 000	-7 729 069	-9 975 900	-9 165 660
LN09	Skatt på inntekt og formue	-46 100 000	-30 579 242	-43 700 000	-45 960 651
LN10	Eiendomsskatt	-20 000 000	-14 890 434	-19 850 000	-19 698 922
LN11	Andre direkte og indirekte skatter	-2 360 000	-54 968	-2 360 000	-2 607 226
LN12	Sum driftsinntekter	-166 581 300	-103 508 568	-152 292 000	-157 927 124
DRIFTSUTGIFTER					
LN14	Lønnsutgifter	95 554 500	57 272 794	88 924 700	88 290 092
LN15	Sosiale utgifter	23 146 500	11 732 975	20 618 500	19 346 462
LN16	Kjøp varer/teneste til komm.tenester	23 530 200	14 720 370	23 177 050	24 286 071
LN17	Kjøp varer/teneste erstatter komm.teneste	7 122 200	3 376 021	6 280 550	5 312 665
LN18	Overføringer	9 688 400	6 119 511	7 961 100	9 296 784
LN19	Avskrivninger	8 259 600	4 777 853	7 300 800	7 560 829
LN20	Fordelte utgifter	-1 000 000		-1 000 000	-900 000
LN21	Sum driftsutgifter	166 301 400	97 999 524	153 262 700	153 192 902
LN23	Brutto driftsresultat	-279 900	-5 509 044	970 700	-4 734 222
EKSTERNE FINANSTRANSASJONER					
Finansinntekter					
LN25	Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-1 962 500	-1 393 454	-2 432 500	-3 217 303
LN26	Mottatte avdrag på lån	-120 000	-58 167	-120 000	-227 426
LN27	Sum eksterne finansinntekter	-2 082 500	-1 451 621	-2 552 500	-3 444 729
Finansutgifter					
LN29	Renteutgifter, provisjon og andre finansut	2 500 000	1 042 962	2 301 600	1 788 475
LN30	Avdragsutgifter	4 300 000	2 240 936	3 700 000	3 951 378
LN31	Utlån	20 000		20 000	20 176
LN32	Sum eksterne finansutgifter	6 820 000	3 283 897	6 021 600	5 760 029
LN34	Res.ekst. finansieringstransaksjoner	4 737 500	1 832 276	3 469 100	2 315 301
LN35	Motpost avskrivninger	-8 259 600	-4 777 853	-7 300 800	-7 560 829
LN36	Netto driftsresultat	-3 802 000	-8 454 620	-2 861 000	-9 979 750
AVSETNINGER					
Bruk av avsetninger					
LN38	Bruk av tidligere års regnskapsmessige overskot		0		-1 910 148
LN39	Bruk av disposisjonsfond	-2 138 000	-398 814	-1 938 000	-2 170 037
LN40	Bruk av bundne fond	-400 000	-115 770		
LN41	Bruk av likviditetsreserve				
LN42	Sum bruk av avsetninger	-2 538 000	-514 584	-1 938 000	-4 080 186
Avsetninger					
LN44	Overført til investeringsregnskapet	1 610 000		2 369 000	4 662 592
LN45	Dekning av tidligere års regnskap			0	0
LN46	Avsetninger disposisjonsfond	4 730 000	57 363	2 430 000	6 463 736
LN47	Avsetninger til budne fond				
LN48	Avsetninger til likviditetsreserve				
LN49	Sum avsetninger	6 340 000	57 363	4 799 000	11 126 329
LN51	Rekneskapsmessig overskot/underskot	0	-8 911 841	0	-2 933 608

Budsjettskjema 1A

	Budsjett 2012	Budsjett 2011	Rekneskapen 2010
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER			
Skatt på inntekt og formue	-46 100 000	-43 700 000	-45 960 651
Ordinært rammetilskudd	-55 900 000	-50 359 000	-38 473 325
Skatt på eiendom	-20 000 000	-19 850 000	-19 698 922
Andre direkte eller indirekte skatter	-2 360 000	-2 360 000	-2 607 226
Andre generelle statstilskudd	0	-2 500 000	-1 898 355
Sum frie disponible inntekter	-124 360 000	-118 769 000	-108 638 479
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER			
Renteinntekter og utbytte	-1 962 500	-2 432 500	-3 217 303
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	2 500 000	2 301 600	1 788 475
Avdrag på lån	4 300 000	3 700 000	3 951 378
Netto finansinntekter/-utgifter	4 837 500	3 569 100	2 522 550
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER			
Til dekking av tidligere års underskot		0	
Til ubundne avsetninger	4 730 000	2 430 000	6 463 736
Til bundne avsetninger		0	
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige overskot		0	-1 910 148
Bruk av ubundne avsetninger	-2 138 000	-1 938 000	-2 170 037
Bruk av bundne avsetninger	-400 000	0	
Netto avsetninger	2 192 000	492 000	2 383 551
FORDELING			
Overført til investeringsregnskapet	1 610 000	2 369 000	4 662 592
Til fordeling drift	-115 720 500	-112 338 900	-99 069 786
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	115 720 500	112 338 900	96 136 178
Merforbruk/mindreforbruk = 0	0	0	-2 933 608

Budsjettskjema 1B

Fordelt til;			
Folkevalte organ:	1 953 500	1 963 500	1 976 101
Administrasjon:	12 311 300	12 041 300	11 930 078
Barnehage:	11 353 700	11 123 550	4 684 862
Skule:	36 226 700	34 368 900	31 934 678
Helse:	8 337 500	7 246 000	8 462 788
Sosial- og barnevern:	6 616 000	6 358 050	5 522 426
Pleie- og omsorg	37 152 100	34 821 800	30 869 640
Kultur:	5 560 500	4 486 500	4 128 564
Kyrkja:	3 348 200	3 027 700	2 794 781
Teknisk:	6 621 700	7 319 900	6 639 293
Andre tenestemrådet:	-13 760 700	-10 418 300	-12 807 033
	115 720 500	112 338 900	96 136 178

VURDERING

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
1	OVERFØRING											
2	KR. 1.000,-											
3	2012		av dette									
4			særskilt	storby-og								
5		innb.t.	komp.	små	distriktp.	vekst	taps-	ordinært	SUM	Pårekna	SUM pårekna	Vekst
6	KOMMUNE	m/utg.utj.	Samh.	komm.	tilskot	tilskot	komp.v/	skjøn	ramme	skatt +	frie	rekneskap
7		m/INGAR	reform	tilskot	S.-Noreg		omlegg.		overføring	innt.utj.	inntekter	% 11 - 12
8	Masfjorden	55375		4996	0	0	100	0	60471	41501	101972	5.1

Statsbudsjettet tilseier ein vekst på 5,1%.

Korrigerer vi for midlar til samhandlingsreformen på 2.328.000

	2012	2011	% vekst
frie inntekter	102 000 000	94 600 000	7,8 %
korr.samhandling	99 677 000	94 600 000	5,4 %
korr.pensjon	98 077 000	94 600 000	3,7 %

og auke pensjon

vert veksten i frie inntekter i samsvar med løns- og prisvekst.

KONKLUSJON

Status pr. 18.10.2011;

Statsbudsjettet som vart framlagt 6.oktober ga følgjande resultat (hovudtal) for Masfjorden sin del;

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
1	OVERFØRING											
2	KR. 1.000,-											
3	2012		av dette									
4			særskilt	storby-og								
5		innb.t.	komp.	små	distriktp.	vekst	taps-	ordinært	SUM	Pårekna	SUM pårekna	Vekst
6	KOMMUNE	m/utg.utj.	Samh.	komm.	tilskot	tilskot	komp.v/	skjøn	ramme	skatt +	frie	rekneskap
7	m/INGAR	reform	tilskot	S.-Noreg			omlegg.		overføring	innt.utj.	inntekter	% 11 - 12
8	Masfjorden	55375		4996	0	0	100	0	60471	41501	101972	5.1

Som gjev 102 mill.kr. i frie inntekter. Sjølv om det vert definert som frie inntekter, ligg det inne for eksempel 2,3 mill.kr. til samhandlingsreforma i veksten for 2012 – midlar som er trekt frå helseføretaka, og som ein frå KS si side er tilrådd å sette av 100% av midlane til avklaring og avtalar mellom kommunane og helseføretaka er på plass. Vidare er det store endringar i høve pensjon, slik at pensjonskostnadene aukar kraftig. Legg ved skriv frå Fylkesmannen med samandrag av dei viktigaste forhold i kommuneopplegget for 2012 som viser fleire bindingar. Når ein ser vekst i frie inntekter opp i mot statlege krav/endingar overfor kommunane, vert veksten forholdsvis liten. I tillegg har det vorte gjort ein del politiske vedtak i løpet av 2011 etter at årsbudsjettet 2011 vart vedteke som medfører auka driftskostnader som kjem til uttrykk i 2012.

Når ein tek ut maksimalt av det inntektsramma for 2012 opnar for, viser status etter innlegging av budsjettframlegga (pr. 17.10.2011) frå einingane **viser eit negativt avvik i høve budsjettbalanse med om lag 5,3 mill.kr.** Ein har vidare mål om 3% i netto driftsresultat, noko som tilseier at budsjettbalanse i seg sjølv ikkje er tilstrekkeleg – 3% av driftsinntektene i 2012 utgjer knappe 5 mill.kr.

Budsjettet skal etter planen (formannskapet, juni 2011) leggst fram for noverande Kommunestyre 25.10 med innstilling frå formannskapet 21.10., og overleverast til det nye kommunestyret som endeleg handsamar 2012 budsjettet den 8.desember 2011.

Status pr. 18.10 medfører at budsjettframlegga til (alle rammeområda, og dei aller fleste tenestene) må justerast, men at vi har tidsnød i forhold til formannskap 21.10 og Kommunestyret 25.10, slik at rådmannen legg fram ei skisse for budsjett i balanse til noverande politikarar – og at budsjettet må arbeidast vidare med utover hausten til det kjem opp til det nye formannskapet og vert vedteke endeleg av Kommunestyret 8.desember.

Avviket kan framstå som stort, og ber preg av at ein del einingar legg opp til langt større vekst enn det normal løns- og prisvekst tilseier, + lokale politiske vedtak med styrking av m.a. brann, barnehage, pleie, helse etc.

Men til tross for ovannemnde forhold, legg eg til grunn at vi skal få til eit bra 2012 budsjettet som i stor grad vidarefører 2011 driftsnivå, men som og opnar for ein del aktivitetsauke i tråd med politiske vedtak.

Status budsjettarbeidet 24.10.2011;

Drifts- og investeringsbudsjettet vert lagt fram i balanse, basert på justeringar som ein av tidsmessige forhold ikkje har teke opp med dei som vert berørt, og framstår som ei skisse for å få 2012 budsjett i balanse. Ein har ikkje fokusert på økonomiplanen, slik at denne delen er ikkje med.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	25.10.2011	086/11	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	25.10.2011	95/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103

Arkivsaknr.: 11/637

SAK 095/11 - 2.TERTIALRAPPORT 2011, REKNESKAPSOVERSYN 1.1. - 31.08.2011

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

2.tertialrapport 2011 vert teken til vitring.

Finansiering

Ikkje aktuelt, budsjettrevisjon i eiga sak seinare i år

Heimel

m.a. Økonomireglementet – kap. 8 om rapportering

FS-086/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

2.tertialrapport, rekneskapsoversyn 01.01. – 31.08.2011 vert teken til vitring.

Det skjedde i Formannskapet den 25.10.2011:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om tertialrapporten.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

KS-95/11 VEDTAK :**2.tertialrapport, rekneskapsoversyn 01.01. – 31.08.2011 vert teken til vitring.****Det skjedde i Kommunestyret den 25.10.2011:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om tertialrapporten. Han synta til s. 4 i rapporten og orienterte spesielt om Utleigebustader Hosteland og momskompensasjon som er søkt om, men som det er usikkert om ein vil få tilbake.

Røysting:

Kommunestyret tek samrøystes 2. tertialrapport til vitring.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	24.10.2011	Kommunestyret	2. tertialrapport 2011 - Rapportdokumentet

SAKSVEDLEGG:

2.tertialrapport 2011 – eige hefte

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Målet med tertialrapporten er å gje ein statusrapport for den økonomiske stoda, vesentlege utviklingstrekk og synleggjere eventuelle endra tilhøve i forholdet til budsjettet for 2011, for å kunne gjere/føreta nødvendige tilpassingar av drifts- og investeringstiltaka.

PERIODISK RAPPORTERING

Etablert praksis over mange år i Masfjorden har vore at kommunestyret handsamar følgjande rekneskapsrapportar:

1. tertialrapport for perioden 1.1. – 30.04
2. tertialrapport for perioden 1.1. – 31.08
3. Årsrekneskapan skal handsamast innan 1. juli.

8.2.1 Innhaldet i rapporten til rådmannen

Tertialrapportane til rådmannen skal ha følgjande obligatoriske innhald:

1. Taldel
2. Kommenterar/vurderingar
3. Evt. tiltak for å rette opp budsjettbalansen
4. Konklusjon/årsprognose

1. Taldel

Frå driftsrekneskapan (drifts- og finansieringspostar) skal følgjande rapporterast:

Ansvarsområde	Akkumulert hittil i år			2011		
	Budsjett	Drift	Reelt avvik	Årsbudsjett	Prognose	Avvik
Sandnes barnehage 20102 Lokaler Sandnes barnehage 22102	-	-	-	-	-	-
Resultat/netto forbruk	-	-	-	-	-	-

Tabellen viser 3 avvik:

- ◆ Rapportavvik, dvs. dei avvik rekneskapsrapportane frå økonomisystemet viser
- ◆ Reelt avvik, dvs. avvik etter korrigeringar for feil periodisering og manglande posteringar
- ◆ Prognose for året, dvs. samla reelt avvik for budsjettåret

2. Kommenterar/vurderingar

Driftseiningane må kommentera/vurdere:

- ◆ Reelle avvik
- ◆ Evt. differanse mellom rapportavvik og reelle avvik
- ◆ Prognose for årsavvik

Kommentarane skal vere korte og bør seie noko om kor sikre eller usikre vurderingane er.

3. Tiltak

Dersom det reelle avviket er stort, må ein gjera greie for tiltak dei vil setje i verk på kort og lengre sikt for å få budsjettet i balanse.

4. Konklusjon/årsprognose

Det må her gjerast greie for korleis etaten reknar med at den vil kome ut i høve til gjeldande økonomiske ramme.

FAKTA

Jf. rapporten/saksvedlegg.

VURDERING

Jf. rapporten/saksvedlegg.

Litt tillegg til investeringane 2011;


Udekka/udisponert = 0	6 764 054
overføring frå drift til investering	-750 771
bruk av lån	-1 051 667
bruk av fond - IKT	-300 000
bruk av barnehagefond	-140 564
bruk av fond	-3 880 451
andre inntekter	-248 160
reelt utdekka pr. 31.8.2011;	<u>392 441</u>

Nokre registrerte avvik, m.a. prognose med avvik Matre symjebasseng med 200.000,-. Ein vil komme attende til auka overføring frå drift til investering som delfinansiering av dette prosjektet, og spesielt det som tegnar til å bli eit avvik i høve opphavleg prognose.


Matre vassverk har vi eit uavklart forhold kring finansieringsfordeling med BKK. Kommunen går for ei kostnadsdeling i tråd med premissane i avtale mellom partane.

Litt kring utvikling drift og driftsstatus pr. 2.tertial 2011;

Snittet dei 4 siste åra er eit netto driftsresultat på 6%. Prognose for 2011 tilseier tilnærma normen på 3% - og ok resultat. Betinging i finansmarknaden siste tertial – kan medføre at resultat vert netto driftsresultat på 4-5%.



Drifta viser at dei fleste rammeområde har mindreforbruk eller går mot balanse i høve 2011 budsjettet. Viktigaste enkeltårsak på drifta er meiravkastning i høve budsjett for konsesjonskrafta,

**Finansrapportering;**

Teke inn i sjølve 2.tertialrapporten.

KONKLUSJON

Ein tilrår at 2.tertialrapport vert teken til orientering

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 25.10.11 vert vitna:

Håkon Matre
Ordfører

Laila S. Reknes
kommunestyremedlem

Karstein Totland
kommunestyremedlem